
REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK RAPPORT FOR 2014

Dokument 9 (2014–2015)



REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK

RAPPORT FOR 2014

Dokument 9 (2014–2015)

TIL STORTINGET

Representantskapet i Noregs Bank skal føre tilsyn med drifta i sentralbanken og sjå til at reglane for verksemda blir følgde. I samsvar med føringar frå Stortinget legg representantskapet vesentleg vekt på å følgje drifta av forvaltinga og etterlevinga av mandatet for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland (SPU).

I 2014 har representantskapet hatt stor merksemd retta mot ansvarleg forvaltingsverksemd og oppbygging av eigedomsforvaltinga. Representantskapet og hovudstyret sitt rammeverk for oppretting av og tilsyn med dotterselskap er vurdert. Vidare er det gjennomført vurderingar av styringsrammeverk for omdømmerisiko og skatt på eigedomsinvesteringar i SPU.

Når det gjeld drifta i sentralbanken, har representantskapet særleg vore oppteke av Noregs Bank sin overordna styringsmodell, organisering av arbeid med styring av etterleving og rolla som rådgivar overfor sentrale styresmakter. Representantskapet har alltid stor merksemd retta mot hovudstyrets styring av og kontroll med sikkerheit og beredskap både innanfor IKT og Noregs Bank si rolle ved handtering av finansiell stabilitet.

Representantskapet har behandla årsmeldinga for Noregs Bank og fastsett årsrekneskopen for 2014. Rapportar frå Noregs Bank om forvaltinga av Statens pensjonsfond utland for 2014 og ansvarleg forvaltning i 2014 er òg behandla. Gjennom fjoråret var det ein auke på nærmare 1 400 milliardar kroner i forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Når det gjeld meir utfyllande framstilling om verksemda i sentralbanken, blir det vist til dei nemnde rapportane.

Noregs Banks eigenkapital pr. 31. desember 2014 var 205,5 milliardar kroner, etter eit totalresultat på 89,2 milliardar kroner. I samsvar med retningslinjer for avsetjingar og disponering av bankens overskot er 10,4 milliardar kroner sette av for overføring til statskassa. Den førre overføringa til statskassa skjedde i 2001.

I sitt møte 12. mars 2015 godkjende representantskapet rapporten om tilsynet med Noregs Bank i 2014. Rapporten blir med dette lagd fram for Stortinget.

Oslo, 25. mars 2015

Reidar Sandal
Leiar i Representantskapet i Noregs Bank

INNHALD

1. Samandrag og hovudkonklusjon	6
Samandrag av rapporten	6
Hovudkonklusjonen til representantskapet for 2014	7
2. Tilsynsgjennomføringa til representantskapet	9
Hovudoppgåvene til Noregs Bank	9
Rollene og ansvaret til representantskapet	9
Organisasjonen til representantskapet	11
Aktivitetar og ressursbruk i 2014	13
Representantskapets arbeidsprosess og tilnærming for tilsynet	17
3. Tilsyn med overordna styring og kontroll	21
Verksemda til Noregs Bank	21
Det generelle årlege tilsynet til representantskapet	24
Særskilde saker og forhold ved tilsynet i 2014	25
4. Tilsyn med sentralbankverksemda	29
Styringsmodell, oppgåver og organisering	29
Det generelle årlege tilsynet til representantskapet	29
Særskilde saker og forhold ved tilsynet i 2014	29
5. Tilsyn med kapitalforvaltinga	35
Styringsmodell, oppgåver og organisering	35
Det generelle årlege tilsynet til representantskapet	36
Særskilde saker og forhold ved tilsynet i 2014	36
6. Budsjettet og rekneskapen til Noregs Bank	43
Budsjett- og rekneskapsprosessar	43
Årsrekneskapen til Noregs Bank for 2014	45
Oppfølging av ressursbruken i 2014	47
7. Vurdering av hovudstyrets styring og kontroll	50
8. Prioriteringar i det vidare tilsynsarbeidet	51
Vedlegg	53
Representantskapet i Noregs Bank 2014–2015	53
Presentasjon av medlemmene i representantskapet	54
Direktør i tilsynssekretariatet	57

KAPITTEL 1

SAMANDRAG OG HOVUDKONKLUSJON

SAMANDRAG AV RAPPORTEN

I samsvar med sentralbanklova § 5 har representantskapet i Noregs Bank ført tilsyn med drifta i Noregs Bank og sett til at reglane for verksemda er følgde i 2014. Representantskapet rapporterer om hovudstyrets protokollar, tilsynet med Noregs Bank og saker som hovudstyret har lagt fram.

Som sentralbank og forvaltar av Statens pensjonsfond utland (SPU) har Noregs Bank fått mykje myndigheit og stor tillit. Hovudstyret har den utøvande og rådgivande myndigheita etter sentralbanklova. Det leier verksemda og forvaltar midlane til sentralbanken. Representantskapet fører tilsyn med at hovudstyret har tilfredsstillande styring av og kontroll med drift og etterleving av lover og retningslinjer for verksemda til Noregs Bank. Vidare vedtek representantskapet det årlege budsjettet og fastset årsrekneskapen.

Det blei gjort greie for prioriteringar i det vidare tilsynsarbeidet i rapporten til Stortinget for 2013, Dokument 9 (2013–2014). Representantskapet har følgd nøye med på utviklinga i rammevilkåra for SPU-forvaltninga og oppgåvene for sentralbanken og på hovudstyret sitt arbeid med å etterleve rammeverket. Det har òg følgd nøye med på korleis hovudstyret har tilpassa styringsrammeverket og gjennomført handlingsplanane. Gjennom året har representantskapet følgd med på hovudstyret med tanke på styring av og kontroll med verksemdsområda. Intern og ekstern rapportering er behandla med særleg vekt på risikostyring, internkontroll, risikoreduserande tiltak og oppfølging av ressursbruk og vesentlege hendingar.

Rapporten gir ei oversikt over aktivitetane, ressursbruken og den metodiske tilnærminga til representantskapet i 2014. Det blir gjort greie for tilsynet med den overordna styringa og kontrollen til hovudstyret, og for tilsynet med sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga.

Protokollane til hovudstyret er eit viktig grunnlag for tilsynet til representantskapet. Protokollane gir ei oversikt over saksomfanget til hovudstyret og er eit utgangspunkt for å be om tilleggsinformasjon eller fleire utgreingar. Mange av sakene som hovudstyret har behandla i 2014, er òg lagde fram for representantskapet. I tillegg har rappor-

tar og utgreingar frå tilsynssekretariatet og ekstern revisor vore behandla.

I 2014 har representantskapet gått igjennom styringsmodellen til Noregs Bank. Det er vidare gjort ei vurdering av Noregs Bank si rolle som rådgivar og ei evaluering av det gjeldande budsjettreglementet. Oppfølginga av arbeidet med tryggleik og beredskap har hatt høg prioritet. Innanfor kapitalforvaltninga har ein mellom anna gått igjennom styringsrammeverket for å handtere omdømmerisiko i samband med investeringane, og arbeidet med ansvarleg forvaltingsverksemd er blitt følgd opp.

Marknadsverdien av investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland var nærmare 6500 milliardar kroner ved utgangen av 2014. Auken frå 2013 var 1393 milliardar kroner, og over halvparten skreiv seg frå svekkinga i kursen for norske kroner. Avkastninga på porteføljen var 544 milliardar kroner før valutajusteringar. Representantskapet følgjer regelmessig med på rapporteringa om SPU-forvaltninga spesielt retta mot etterleving av mandat og retningslinjer frå Finansdepartementet. Saker om ansvarleg forvaltingsverksemd og oppbygging av eigedomsforvaltninga har fått mykje merksemd. Rammeverket for å opprette og ha tilsyn med dotterselskap i samsvar med sentralbanklova er vurdert. Vidare har ein gått igjennom styringsrammeverket for skatt på eigedomsinvesteringar i SPU.

Representantskapet har behandla årsmeldinga til hovudstyret og fastsett årsrekneskapen for Noregs Bank for 2014. Årsrekneskapen viser eit overskot for verksemda på 89 198 millionar kroner. Eigenkapitalen til Noregs Bank per 31. desember 2014 var 205,5 milliardar kroner. I samsvar med fastsette retningslinjer er det gjort ei avsetjing på 10,4 milliardar kroner frå årets overskot som blir overført til statskassa. Den førre gongen ei slik overføring blei gjennomført, var i 2001.

For representantskapet er det viktig at Noregs Bank er open om verksemda si innanfor fastsette rammer. Det same gjeld for arbeidet til representantskapet, og frå 2014 er protokollane frå møta gjorde offentlege.

HOVUDKONKLUSJONEN TIL REPRESENTANTSKAPET FOR 2014

Representantskapet har fått alle opplysningane det har bedt om.

Representantskapet har gått igjennom protokollane til hovudstyret for 2014. Under behandlinga er det reist spørsmål til enkeltsaker, og sentralbanksjefen har gitt fullgode utgreiingar. Det er ikkje protokollført særskilde merknader til protokollane til hovudstyret.

Representantskapet meiner at hovudstyret i 2014 har styrt og hatt kontroll med verksemda til Noregs Bank på ein tilfredsstillande måte og i samsvar med sentralbanklova, mandat og retningslinjer for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland i tillegg til forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank.

Hovudstyret har rapportert om problemstillingar og behov for styrkt kontrollrammeverk og risikoreduserande tiltak gjennom året. Under behandlinga av enkelte saker har representantskapet eksplisitt bedt om oppfølging og tilbakemelding frå hovudstyret. I tilsynsgjennomgangar om overordna styringsmodell og kontroll med omdømme i kapitalforvaltinga er det mellom anna gitt innspel og tilrådingar til utviklinga av hovudstyret sitt rammeverk for styring og kontroll.

Representantskapet har i 2014 etablert eit formålstenleg rammeverk for kontroll og tilsyn med eigedomsforvaltinga i dialog med hovudstyret. Tidlegare tilrådingar knytte til etablering av dotterselskap, styring av skattemessige forhold og ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland er følgde opp. Vidare har ein følgd med på utviklinga av rammeverket for organisering av eigarskapsutøving.

Det er ikkje avdekt forhold gjennom tilsynet som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova. Representantskapet har god erfaring med at hovudstyret følgjer opp og orienterer om status for å gjennomføre tiltak på ein systematisk måte.

Representantskapet har vedteke budsjettet til Noregs Bank og fastsett årsrekneskapen for 2014. Det var ingen merknader til ressursbruken.



Bilete frå studiereisa til representantskapet i 2014. Møte med Federal Reserve i Washington DC. Temaet for møtet var evna sentralbankar har til å takle finansielle sjokk, erfaringar etter finanskrisa, vekstutsiktene i verdsøkonomien og kva dei har å seie for USA.

KAPITTEL 2

TILSYNSGJENNOMFØRINGA TIL REPRESENTANTSKAPET

HOVUDOPPGÅVENE TIL NOREGS BANK

Noregs Bank er sentralbanken i landet og forvaltar store verdier og utfører viktige samfunnsoppgåver. Oppgåvene er i hovudsak regulerte gjennom lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova)¹, lov om Statens pensjonsfond og Finansdepartementets mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland. Noregs Bank er eit eige rettssubjekt, eigd av staten.² Verksemda skal utøvast i samsvar med dei økonomisk-politiske retningslinjene som statsmyndighetene har fastlagt, og med dei internasjonale pliktene landet er bunde av. Sentralbanken har ansvaret for å fastsetje styringsrenta og halde inflasjonen låg og stabil. Han skal fremje eit effektivt betalingssystem, han er bankane sin bank og långivar i siste instans, og han kan setje i verk tiltak som er vanlege eller naturlege for ein sentralbank.

Det er Finansdepartementet som forvaltar Statens pensjonsfond.³ Fondet består av Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg. Statens pensjonsfond utland består av eit kroneinnskott som er plassert på ein særskild konto i Noregs Bank, som forvaltar midlane vidare etter nærmare reglar som Finansdepartementet har fastsett.⁴ Forvaltninga omfattar ein investeringsportefølje av aksjar og obligasjonar i tillegg til eigedomsinvesteringar.

ROLLENE OG ANSVARET TIL REPRESENTANTSKAPET

Etter Grunnlova § 75c skal Stortinget «føre oppsyn med rikets pengevesen». Oppgåva blir vareteken mellom anna gjennom Noregs Banks representantskap, som er oppnemnt av Stortinget.

Styring av og kontroll med verksemda til Noregs Bank er regulert i sentralbanklova. Etter § 5 andre leddet har hovudstyret «... den utøvende og rådgivende myndighet etter denne lov. Det leder bankens virksomhet og forvalter dens midler.

Hovedstyret skal sørge for forsvarlig organisering av, og etablere tilfredsstillende rammer, mål og prinsipper for, bankens virksomhet. Hovedstyret skal påse at bankens virksomhet, herunder regnskap og formuesforvaltning, er gjenstand for betryggende styring og kontroll. Hovedstyret skal føre tilsyn med bankens administrasjon og virksomhet for øvrig.»

Oppgåvene til representantskapet er regulerte fleire stader i sentralbanklova.⁵ Som Noregs Banks tilsyns- og kontrollorgan har representantskapet eit overordna ansvar for å følgje opp drifta og at verksemda rettar seg etter dei formelle rammene. Tilsynsoppgåva følgjer av § 5 tredje leddet og omfattar heile verksemda til Noregs Bank.

«Representantskapet skal føre tilsyn med bankens drift og at reglene for bankens virksomhet blir fulgt. Representantskapet skal herunder føre tilsyn med at hovedstyret har tilfredsstillende styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet, og med at det er etablert hensiktsmessige rutiner for å sikre at bankens virksomhet utøves i henhold til lov, avtaler, vedtak og rammeverk for øvrig. Tilsynet omfatter ikke hovedstyrets utøvelse av skjønnsmyndighet etter loven. Representantskapet har rett til innsyn i alle bankens anliggender og kan foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for sine oppgaver etter loven.»

I tillegg til tilsynsansvaret har representantskapet spesifikke myndighetsområde etter sentralbanklova. Det kan etter forslag frå hovudstyret bestemme at forretningsverksemd kan utøvast i selskap som banken eig heilt eller delvis.⁶ Representantskapet godkjenner opprettinga av og fører tilsyn med slike selskap. Andre ansvarsområde⁷ er å vedta det årlege budsjettet, fastsetje årsrekneskapen og velje revisor for Noregs Bank.

Representantskapet har fastsett vedtektene for Noregs Banks pensjonskasse.⁸ Pensjonskassen er ei sjølvstendig juridisk eining med rekneskapsføring og styre uavhengig

1 Lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova), sist endra 17. desember 2010

2 Sentralbanklova § 2 fjerde leddet

3 Lov om Statens pensjonsfond § 2 første og andre leddet


4 Finansdepartementets retningslinjer og mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland, 8. november 2010

5 §§ 5, 7, 8a, 29, 30 og 30a

6 Sentralbanklova § 8a Egne foretak

7 Sentralbanklova §§ 29, 30 første leddet og 5 fjerde leddet

8 Vedtektene 13. desember 2007. Endringar i vedtektene skal vedtakast av styret i pensjonskassen og leggjast fram til orientering for Noregs Bank og eventuelle tilslutta selskap. Vedtektene og seinare endringar skal vere godkjende av Kongen, jf. lov om forsikringsselskap, pensjonsforetak og deres virksomhet § 7-4.

FIGUR 1 DEN SAMLA ORGANISASJONEN TIL REPRESENTANTSKAPET

av Noregs Bank. Representantskapet vel revisoren til pensjonskassen. Finanstilsynet fører tilsyn med verksemda.⁹

Etter sentralbanklova¹⁰ skal representantskapet minst éin gong årleg leggje fram fråsegn om hovudstyret sine protokollar og tilsynet med Noregs Bank for Stortinget.

«Uttalelsen om tilsynet med banken skal minst inneholde:

1. en redegjørelse for hvordan tilsynet med banken har vært organisert,
2. en redegjørelse for gjennomførte tilsynsaktiviteter og representantskapets prioriteringer i det videre tilsynsarbeidet,
3. en redegjørelse for tilsynet med bankens kapitalforvaltning,
4. representantskapets vurdering av hovedstyrets styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet, jf. § 5 tredje ledd annet punktum,
5. en redegjørelse for representantskapets arbeid med vedtakelse av bankens budsjett og fastsettelse av regnskap, jf. § 5 fjerde ledd annet punktum,
6. eventuelle særlige merknader som tilsynet måtte gi grunnlag for.»

Det er gjort greie for desse forholda i denne rapporten.

ORGANISASJONEN TIL REPRESENTANTSKAPET

REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet har 15 medlemmer som er valde av Stortinget for fire år.¹¹ Stortingets valkomité innstiller medlemmer og varamedlemmer etter forslag frå partigruppene. Stortinget vel leiar og nestleiar blant medlemmene for to år. I perioden 2014–2015 er Reidar Sandal leiar og André Støylen nestleiar.

Medlemmene har i tillegg til politisk bakgrunn brei fagleg kompetanse og erfaring frå sentrale delar av norsk samfunnsliv, offentleg forvaltning og næringslivet. I vedlegg til denne rapporten er det ei fullstendig oversikt over medlemmer og varamedlemmer i representantskapet for perioden 2014–2015 og funksjonstida deira. Det er òg gitt ein omtale av relevant erfaringsbakgrunn for kvar medlem.

Den samla organisasjonen til representantskapet er vist i figur 1 og består òg av den faste komiteen, tilsynssekretariatet, ein vald ekstern revisor og eksterne rådgivarar.

DEN FASTE KOMITÉ

Den faste komité er eit arbeidsutval for representantskapet og er oppretta i samsvar med sentralbanklova¹². Representantskapet har fastsett mandat. Arbeidsoppgåvene omfattar å førebu og avgi innstilling i saker som representantskapet skal behandle. Komiteen har ikkje avgjerdsrett.

Komiteen er sett saman av leiaren i representantskapet, nestleiar og tre andre faste medlemmer. Alle er valde for to år. For perioden 2014–2015 består komiteen av Reidar Sandal (leiar), André Støylen (nestleiar), Toril Hovdenak, Frank Sve og Synnøve Søndergaard.

TILSYNSSEKRETARIATET

I samsvar med sentralbanklova har representantskapet eit sekretariat¹³ som har tilsynsoppgåver og administrative oppgåver og legg til rette for å gjennomføre møte og seminar. Representantskapet har fastsett ein instruks for arbeidet. Tilsynssekretariatet er organisert fagleg og administrativt uavhengig av hovudstyret og administrasjonen i Noregs Bank. Representantskapet godkjenner årleg budsjettet og ressursbruken.

Direktøren for tilsynssekretariatet er tilsett av representantskapet, som òg fastset stillingsinstruks og vilkår. Han deltek i representantskapsmøta og er rådgivaren for representantskapet og Den faste komité. Vidare har han ansvar for å organisere, tilsetje medarbeidarar og utvikle og

⁹ Lov om tilsynet med finansinstitusjoner mv. (finanstilsynslova) § 1 første leddet pkt. 15

¹⁰ Sentralbanklova §§ 30 fjerde leddet og 5 fjerde leddet

¹¹ Jf. sentralbanklova § 7

¹² Sentralbanklova § 7 fjerde leddet: «Representantskapet kan blant sine medlemmer oppnevne utvalg til å forberede saker for representantskapsbehandling.»

¹³ Jf. § 5 tredje leddet siste punktet: «Representantskapet skal ha et sekretariat.»

gjennomføre oppgåvene. I 2014 har sekretariatet hatt sju tilsette i tillegg til direktøren (totalt 7,6 årsverk). Det går for seg ein prosess for å rekruttere ein ny medarbeidar for tilsynet med kapitalforvaltninga. Samla er det brei bakgrunn innanfor fagområde som verksemdsstyring, økonomi, finans, risikostyring, internkontroll, revisjon og juss.

Hovudmålet for det faglege arbeidet er å gi eit grunnlag for representantskapet sitt tilsyn med Noregs Banks drift og etterleving. Arbeidet blir gjennomført etter strategiar, årlege tilsynsplanar og innspel frå representantskapsmøta. I samband med representantskapsmøta går tilsynssekretariatet gjennom saker som hovudstyret legg fram, og til enkelte saker blir det utarbeidd tilleggsinformasjon eller faglege vurderingar. Direktøren er til stades når hovudstyret og revisjonsutvalet behandlar saker som er relevante for tilsynsarbeidet.

Ei viktig oppgåve er å følgje med på aktivitetar og rapportering i Noregs Bank som eit løpande tilsyn med verksemda. For utvalde tema blir det utført gjennomgangar og utgreiingar. I arbeidet blir det òg nytta faglege ressursar hos ekstern revisor eller eksterne rådgivarar. Tilsynssekretariatet har regelmessige møte med leiinga til Noregs Bank, verksemdsområda, internrevisjonen og ekstern revisor. Tilsynsprossar og rapportering er omtalt seinare i rapporten.

Tilsynssekretariatet forvaltar representantskapet sin avtale med ekstern revisor. Vidare blir funksjonen som koordinator vareteken i samarbeidet mellom Noregs Bank, ekstern revisor og Riksrevisjonen. Formålet med samarbeidsmodellen er at Riksrevisjonen på ein formålstenleg måte skal kunne få informasjon om og byggje på revisjons- og tilsynsarbeid utført av ekstern revisor og representantskapet.

Regelmessige kontaktmøte med Finansdepartementet blir gjennomførte for å utveksle informasjon om tilsynsarbeidet. Tema for møta har vore orienteringar om representantskapet sin rapport til Stortinget, årlege tilsynsplanar og gjennomførte tilsynsaktivitetar knytte til forvaltninga av Statens pensjonsfond utland.

EKSTERN REVISOR

Representantskapet har valt Deloitte AS som den eksterne revisoren til Noregs Bank. Det er inngått ein engasjementsavtale som gjeld til og med rekneskapsåret 2015.¹⁴ Oppdraget omfattar revisjon av årsrekneskapanane for Noregs Bank, Noregs Banks pensjonskasse og anna tilknytt verksemd¹⁵. Deloitte AS reviderer særskilt årsrekneskapsrapporteringa for SPU i tilknytning til årsrekneskapsrapporteringa til Noregs Bank. Det blir utført forenkla revisorkontroll av rekneskapanane for SPU for dei tre første kvartalane i året. For dotterselskap¹⁶ som blir oppretta i samband med investeringar i eigedom i utlandet, har representantskapet fastsett retningslinjer for å sørgje for at den eksterne revisoren til Noregs Bank, for tida Deloitte AS, normalt blir vald som revisoren til selskapet.

Revisors meldingar til årsrekneskapan til Noregs Bank og årsrapport om SPU-forvaltninga i tillegg til forenkla revisorfråsegn til kvartalsrapporteringa for SPU blir avgitt til representantskapet. Meldingar og fråsegner til anna rekneskapsrapportering følgjer dei andre rekneskapanane ved hovudstyrets sendingar til representantskapet til orientering. Etter avslutta revisjon blir det sendt ein årleg revisjonsrapport til hovudstyret og representantskapet.

Deloitte AS legg fram ein årleg plan for den finansielle revisjonen av Noregs Bank inkludert SPU-forvaltninga, og representantskapet blir halde orientert gjennom året om forhold som er vesentlege for utføringa og omfanget av revisjonen.

Avtalen med Deloitte AS omfattar høvet til å utføre eventuelle relevante attestasjons-, revisjons- og rådgivingsoppgåver for representantskapet eller tilsynssekretariatet. Det er avtalt ei årleg attestasjonsfråsegn om oppgåvene banken har i samband med forvaltninga av statens konsernkonto. Det blir òg gitt ei uavhengig stadfesting¹⁷ om risiko og

¹⁴ Avtalen er signert 22. januar 2010 og varer i seks år frå og med rekneskapsåret 2010.

¹⁵ Noregs Banks fond til økonomisk forskning, pensjoniststiftinga ved hovudkontoret til Noregs Bank og direktør N. Ryggs fond

¹⁶ Selskap etablerte etter sentralbanklova § 8a og andre dotterselskap med revisjonsplikt

¹⁷ Blir avgitt etter forskrift om risikostyring og internkontroll, fastsett av Finansdepartementet 22. september 2008

internkontroll til styret i Noregs Banks pensjonskasse. Ekstern revisor kan etter avklaring med tilsynssekretariatet ta på seg rådgivingsoppgåver for banken, men dette blir praktisert strengt for å unngå interessekonflikar.

Arbeidet til ekstern revisor er viktig for tilsynsoppgåvene til representantskapet, og det er jamleg fagleg kontakt mellom tilsynssekretariatet og Deloitte AS. Samspel og god kommunikasjon om forhold som er vesentlege for revisjon og tilsyn, har høg prioritet. Ein ansvarleg partnar hos Deloitte AS er vanlegvis til stades i representantskapsmøta når relevante saker skal behandlast.

EKSTERNE FAGRESSURSAR

I tilsynsarbeidet blir det nytta norsk og internasjonal spisskompetanse, særleg ved avklaring av juridiske spørsmål og komplekse problemstillingar innanfor kapitalforvaltning. Ved planlegging av tilsynsoppgåver blir behovet for å bruke ekstern fagleg spisskompetanse alltid vurdert. Det er etablert effektiv tilgang til ressursar gjennom fleire rammeavtalar. Andre spesifikke fagmiljø blir kontakta etter behov.

Engasjementsavtalen med Deloitte AS gir tilgang til omfattande global spisskompetanse innanfor ulike tilsynsområde og særleg innanfor tema som verksemdsstyring, risikovurderingar og internkontroll. Det er vidare etablert ein rammeavtale med advokatfirmaet Thommessen¹⁸ for å ha effektiv tilgang på juridisk spisskompetanse. Tilsynssekretariatet gjennomførte ein open anbodskonkurranse hausten 2014 for å knytte til seg ein internasjonal rådgivar innanfor kapitalforvaltning. Det er inngått ein rammeavtale med konsulentfirmaet Oliver Wyman AB for fire år.

Dei eksterne fagmiljøa gir representantskapet tilgang til leiande fagekspertise og relevant informasjon om vesentlege utviklingstrekk og risikoforhold, særleg knytt til SPU-forvaltninga. Samarbeidspartnarane bidreg i tilsynsgjennomgangar og utgreiingar med vurderingar som har utgangspunkt i internasjonale standardar og beste praksis. Vidare blir dei eksterne ressursane brukte til fagleg oppdatering og kompetanseutvikling i representantskapet og tilsynssekretariatet.

¹⁸ Avtalen er signert 15. juni 2012 og varer i fire år.

RAMMEVERK FOR ARBEIDET TIL REPRESENTANTSKAPET

Med utgangspunkt i sentralbanklova har representantskapet fastsett forretningsorden og mandat for Den faste komité. Vidare består rammeverket for aktivitetane til representantskapet av strategiar, årlege tilsynsplanar, instruksar for tilsynssekretariatet og direktøren og avtalar med Deloitte AS og eksterne rådgivarar. Kvart år blir det gjennomført systematiske eigenevalueringar av arbeidet i representantskapet.

For delar av myndigheitsområda og tilsynsrolla er det fastsett retningslinjer som òg omfattar hovudstyret. Budsjettreglementet for Noregs Bank og retningslinjene for tilsynet til representantskapet med selskap som Noregs Bank eig, knytte til eigedomsinvesteringar i Statens pensjonsfond utland er nærmare omtalte seinare i rapporten.

Det samla rammeverket gir saman med vurderingar om aktuelle problemstillingar og overordna risikoforhold eit grunnlag for ei systematisk gjennomføring av tilsynsarbeidet.


AKTIVITETAR OG RESSURSBRUK I 2014

MØTE OG AKTIVITETAR

Representantskapet har hatt sju ordinære møte og eitt konstituerande møte i 2014. Leiaren kallar inn til møte etter den fastsette møteplanen, ved behov eller når minst fem medlemmer eller hovudstyret krev det.¹⁹ Den faste komité har hatt åtte ordinære møte og eit arbeidsmøte for å behandle utkast til årsrapport til Stortinget.

To av møta i representantskapet er særleg knytte til behandling av årsrapportar og årlege budsjettframlegg. Gjennom året blir protokollar, rapportar og saksframlegg frå hovudstyret behandla. Vidare blir rapportar og notat frå tilsynssekretariatet og ekstern revisor og utgreiingar baserte på førespurnad etter drøftingar i møte behandla. Representantskapet sine konklusjonar i enkeltsaker kjem fram etter behandling i møta. I 2014 har representantskapet utvikla arbeidsforma i eigne møte og møta til den faste komiteen. Det har vore ein konstruktiv dialog med hovudstyret gjennom året.

¹⁹ Sentralbanklova § 7 femte leddet

FIGUR 2 SAKSOMFANGET TIL REPRESENTANTSKAPET I 2014**TABELL 1** REPRESENTANTSKAPETS RESSURSBRUK

BELØP I HEILE TUSEN KRONER	2014	2013
Representantskapet	3 008	2 114
Tilsynssekretariatet	10 722	9 870
Eksterne fagressursar	4 130	6 088
Finansiell revisjon	17 044	14 389
Totalt	34 904	32 461

TABELL 2 UTBETALT GODTGJERSLE I 2014

FASTE HONORAR	SUM PER MEDLEM	REPRESENTANTSKAPET	DEN FASTE KOMITEEN
Leiar	136 000	54 000	82 000
Nestleiar	88 000	34 000	54 000
3 andre medlemmer i Den faste komité	80 500	26 500	54 000
10 medlemmer i representantskapet elles	26 500	26 500	
15 varamedlemmer	4 400	4 400	

I alt har representantskapet behandla 92 saker i 2014. I tillegg er protokollar frå eigne møte godkjende, og ein har fått 14 orienteringssaker som består av ulike fagrapportar og annan supplerande informasjon om verksemda til Noregs Bank utanfor tilsynsansvaret til representantskapet.

Figur 2 viser saksomfanget fordelt på ulike typar saksforhold. Om lag 37 prosent av dei 92 sakene omfatta tilsyn med verksemdsovergrepande forhold i Noregs Bank. Desse sakene gjeld både sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga. Omfanget av saker innanfor kapitalforvaltninga spesielt har auka noko i 2014 samanlikna med tidlegare år. Det kjem mellom anna av større aktivitet i egedomsforvaltninga og tilsynsoppgåvene retta mot dette. Saksomfanget frå sentralbankverksemda er stabilt, og det same gjeld for representantskapet sine saker om eiga verksemd og administrative forhold knytte til tilsynssekretariatet.

Representantskapet har i 2014 innført eit elektronisk system for enkel og trygg distribusjon av saksdokument og permanent informasjon.

For å halde seg orientert om relevante og viktige fagområde arrangerer representantskapet seminar, studiereiser og møte med relevante verksemdar. I 2014 blei det gjennomført ei studiereise med besøk hos utvalde institusjonar og verksemdar i USA. Formålet var å møte internasjonal fagekspertise og orientere seg om utviklinga i makroøkonomiske forhold og kapitalmarknadene i USA og internasjonalt. Det var møte hos Det internasjonale pengefondet IMF og Federal Reserve System om desse temaa. Independent Evaluation Office i IMF orienterte om tilsynsaktivitetar mot organisasjonen og arbeidet i IMF. Representantskapet møtte vidare DNB og Blackrock, som presenterte tema innanfor finans og kapitalforvaltning i USA. FN og den norske FN-delegasjonen informerte om arbeidet med internasjonal berekraftig utvikling og ansvarleg forvaltning. Ved New York-kontoret til Noregs Bank orienterte Noregs Bank Investment Management (NBIM) om aktivitetane sine i den amerikanske marknaden, særleg om den nyleg etablerte egedomsforvaltninga.

Representantskapet er vertskap for årstalen til sentralbanksjefen, som har tradisjonar tilbake til 1922. Hovudtemaet for talen er økonomiske perspektiv. Talen blir halden for

medlemmene i representantskapet og inviterte gjester frå mellom anna regjeringa, Stortinget, norsk samfunnsliv, akademia og næringslivet.

RESSURSBRUKEN TIL REPRESENTANTSKAPET I 2014

Representantskapet vedtek årleg eit budsjett for verksemda som òg omfattar tilsynssekretariatet, ekstern revisor og bruk av ekstern rådgiving. Budsjettet og dei årlege kostnadene inngår i den samla rapporteringa til Noregs Bank, men blir behandla som separate saker i representantskapet. Dei totale kostnadene for representantskapet i 2014 var 34,9 millionar kroner. Rundt 80 prosent av kostnadene til bruk av eksterne fagressursar og finansiell revisjon gjeld kapitalforvaltninga. Tabell 1 viser ei fordeling av kostnadene.

Den finansielle revisjonen er knytt til Deloitte AS sitt oppdrag som den eksterne revisoren til Noregs Bank. Kostnadene viser revisorhonorar inkludert meirverdiavgift for revisjon av årsrekneskapen til Noregs Bank og forenkla revisorkontroll av kvartalsrapporteringa for SPU, jf. omtalen av arbeidet til ekstern revisor ovanfor. Omfanget av revisjonen har auka noko frå sist år, mellom anna knytt til veksten i egedomsforvaltninga og omorganisering av rekneskapsfunksjonane og oppgjerstenestene til NBIM.


Representantskapet godkjenner godtgjersle til ekstern revisor for revisjon av årsrekneskapen til Noregs Bank og andre avtalte oppdrag. I tillegg kjem honorar for finansiell revisjon i dotterselskap og anna tilknytt verksemd der verksemdene blir belasta direkte.

Stortinget fastset godtgjersla for representantskapet og Den faste komité.²⁰ Utbetalt fast godtgjersle utgjorde til saman 796 500 kroner, mot 686 100 kroner året før. I tillegg til fast godtgjersle er det utbetalt 2 550 kroner per oppmøte til varamedlemmer i representantskapet, og varamedlemmer til Den faste komité har tilsvarande fått 3 150 kroner.


Ein spesifisering av utbetalt godtgjersle i 2014 er gitt i tabell 2.

²⁰ Stortinget fastsette satsane for honorar i 2014 og 2015 frå 1. januar 2014, jf. Innst. 56 S (2013–2014).

FIGUR 3 STRUKTUR FOR OPPFØLGING AV NOREGS BANK



FIGUR 4 KONTROLLMODELL I NORGES BANK



Utbetalt lønn til direktøren for tilsynssekretariatet var 1 795 484 kroner i 2014. Det var ein auke på 3,5 prosent frå året før. Pensjonsopptening og verdi av andre fordelar utgjorde høvesvis 444 144 og 10 154 kroner. Direktøren fastset lønn for medarbeidarane innanfor ei ramme som representantskapet har godkjent.

REPRESENTANTSKAPETS ARBEIDSPROSESS OG TILNÆRMING FOR TILSYNET

VURDERINGAR AV RISIKO OG VESENTLEGHEIT

Utgangspunktet for tilsynsarbeidet er at representantskapet fører tilsyn med hovudstyrets styring av og kontroll med verksemda. Tilsynsarbeidet til representantskapet blir prioritert ut frå formelle rammevilkår, forventingane til Stortinget, samfunnsomsyn og tidlegare erfaringar. Ved fastsetjinga av årlege tilsynsplanar blir vidare risiko- og vesentlegheitsvurderingar lagde til grunn. Vurderingane byggjer mellom anna på rapportering frå Noregs Bank om vesentlege risikoområde og aktuelle hovudutfordringar for verksemda.

Tilsynet er retta særleg mot dei komplekse forvaltingsoppgåvene til sentralbanken og mot etterleving av sentrale rammer. Noregs Bank har ei samfunnsrolle som medfører risiko for hendingar som kan føre til menneskelege og materielle tap. Styring av og kontroll med risikoar og ressursbruk og openheit i ekstern rapportering har høg prioritet. Gjennom tilsynet følgjer ein tett med på vurderingar av trusselbiletet og gjennomføringa av tryggleiksarbeidet. Det kan komme særleg søkjelys på verksemda dersom Noregs Bank blir ramma av uønskte hendingar, eller ved svikt i ressursbrukstyringa. Toleranseterskelen er låg når det gjeld risiko for misleghald eller uetisk åtferd.

STRUKTUR FOR KONTROLL, REVISJON OG TILSYN I NOREGS BANK

Noregs Bank forvaltar store verdier og utfører viktige samfunnsoppgåver innanfor rammene av sentralbanklova og mandatet for SPU-forvaltninga. Tilliten til sentralbanken er avhengig av kvalitativ og effektiv gjennomføring av oppgåvene og tilfredsstillande styring og kontroll. Verksemda blir følgd opp både av regjeringa og Stortinget, og det er etablert ein omfattande tilsyns- og kontrollstruktur, som er vist i figur 3, Struktur for oppfølging av Noregs Bank.

Noregs Bank har etablert ein kontrollmodell som byggjer på anerkjende standardar og rammeverk for verksemdsstyring og internkontroll, jf. figur 4. Kvart ledd i organisasjonen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere risiko og behovet for å gjennomføre kontroll. Ein skal prøve å utnytte kontrollaktivitetane som det førre leddet har gjennomført. Fundamentet i kontrollmodellen er at førstelinja har primæransvaret for å gjennomføre oppgåver etter fastsette prosedyrar og retningslinjer. Vidare er det etablert «andrelinjeforsvar» i verksemdsområda med mellom anna risikostyrings- og etterlevingsfunksjonar. Desse gjennomfører kontrollhandingar som er baserte på egne risikovurderingar. Internrevisjonen er kontrollorganet til hovudstyret og «tredjelinjeforsvar», og han følgjer opp leiingskontrollar i organisasjonen.


Modellen omfattar òg ei fjerde uavhengig linje for revisjon og tilsyn. Dette kontrollleddet er særleg utbreidd i finanssektoren og i offentleg sektor, som normalt er underlagde omfattande tilsyn og regulering. Uavhengige eksterne kontrollfunksjonar varetek eigarane og samfunnet sitt behov for kontroll og tilsyn. Som Stortingets tilsyns- og kontrollorgan har representantskapet eit særleg ansvar for å følgje opp heilskapen i kontrollstrukturen. Eit balansert revisjons- og tilsynsregime i Noregs Bank blir vareteke gjennom dialog og samspel mellom tilsynssekretariatet, internrevisjonen og ekstern revisor.

ARBEIDSPROSESSEN TIL REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet utfører tilsyn ved behandling av protokollen til hovudstyret, framlagde rapportar og saksdokument i møte gjennom året. Sentralbanksjefen og vise-sentralbanksjefen skal vere til stades i møta med mindre representantskapet bestemmer noko anna eller det ligg føre gyldig forfall.²¹ Ein kan be om å få utdjupa saker, og sentralbanksjefen gir tilleggsinformasjon og svarer på spørsmål under saksbehandlninga. Han kan ta med fagpersonar etter behov. Orienteringar frå sentralbanksjefen bidreg til at representantskapet held seg oppdatert om verksemda i Noregs Bank. Representantskapet har rett til innsyn i alle sakene til Noregs Bank. I utgangspunktet er det opp til representantskapet å vurdere informasjonsbehovet og avgjere kor relevant den informasjonen ein får, er.

²¹ Sentralbanklova § 7 sjette leddet

FIGUR 5 ARBEIDSPROSESSEN TIL REPRESENTANTSKAPET



Det er etablert kontaktmøte mellom sentralbanksjefen og leiaren av representantskapet for innbyrdes orientering og drøfting av særskilde problemstillingar. Det er òg etablert ein praksis for at representantskapet får ei årleg utgreiing om verksemda i revisjonsutvalet frå leiaren i utvalet.

Figur 5 viser arbeidsprosessen for tilsyn som tek utgangspunkt i strategiar og årlege tilsynsplanar.

Representantskapet fører ikkje tilsyn med skjønnsutøvinga til hovudstyret.²² Innanfor sentrale politikkområde som pengepolitikk og finansiell stabilitet vil det vere avgrensa grunnlag for å føre tilsyn med vurderingane til hovudstyret. Det inneber at representantskapet ikkje uttaler seg om vedtak i hovudstyret om pengepolitikk eller om råd og høyringsfråsegner som blir avgitt. Generelt tilsyn med drifta vil likevel omfatte organisasjonen og prosessane i Noregs Bank som dannar grunnlaget for skjønnsutøvinga til hovudstyret.

Tilsynssekretariatet får gjennom kontinuerleg nærvær i Noregs Bank innsyn i og kunnskap om verksemda som gir eit godt grunnlag for tilsynet. Det bidreg til å sikre at representantskapet blir halde løpande orientert om vesentlege forhold. Representantskapet kan ta initiativ til å få gjennomført særskilde utgreiingar og analysar knytte til aktuelle hendingar og forhold som gjeld tilsynet. Utgreiingar blir vanlegvis gjennomførte av tilsynssekretariatet og eventuelt i samarbeid med eksterne revisor eller andre fagressursar.

OPENHEIT OM ARBEIDET TIL REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet har erfart at det er blitt større offentleg interesse for rolla dei spelar, og korleis tilsynet blir gjennomført. Openheit om arbeidet blir praktisert innanfor rammene og avgrensingane som mellom anna følgjer av sentralbanklova og anna relevant rammeverk for verksemda til Noregs Bank. Medlemmene er underlagde teiepliktføresegnene i sentralbanklova.²³ Praktisering av meir-

offentlegheit eller eventuelle unntak frå teieplikta blir avgjort i aktuelle situasjonar av leiaren. I samsvar med forretningsordene til representantskapet er det leiaren som uttaler seg offentleg på vegner av representantskapet.

Allmenta har breitt innsyn i verksemda til representantskapet gjennom rapporten til Stortinget. Den er utforma for å gi eit heilskapleg bilete av det gjennomførte arbeidet og vurderingane. Protokollane frå representantskapsmøta blir sende til Finansdepartementet og Riksrevisjonen til orientering. Frå og med 2014 er protokollane offentleg tilgjengelege på nettsidene til Noregs Bank. Saksdokument frå behandlinga i møta er unnatekne offentleg innsyn.

Representantskapet vedtok i 2009 ein plan for attestasjonsoppdrag i samband med operasjonell risikostyring i SPU-forvaltninga. Det er etablert ein dialog med Finansdepartementet om aktuelle tema som kan vere formålstenlege for slike gjennomgangar.²⁴ Alle gjennomgangane er utførte av Deloitte AS i samråd med tilsynssekretariatet, og det er gitt uavhengige attestasjonsfråsegner etter internasjonale revisjonsstandardar²⁵ til representantskapet. Fråsegnene er sende til Finansdepartementet til orientering og samtidig offentliggjorde. Det er ikkje utført slike attestasjonsoppdrag i 2014. Tidlegare gjennomgangar er omtalte i representantskapet sine rapportar til Stortinget.

²² Ei utgreiing til representantskapet i 2013 klargjorde tilsynsansvaret når det gjeld skjønnsutøvinga til hovudstyret.

²³ Sentralbanklova § 12: «Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for banken, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om bankens eller andres forretningsmessige forhold eller om noens personlige forhold.»

²⁴ Jf. regjeringa si melding til Stortinget om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2009 (Meld. St.10 (2009–2010))

²⁵ Internasjonale standardar for attestasjonsoppdrag frå International Auditing and Assurance Standards Board. Standarden som er nytta, er ISAE 3000: «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon».



Leiar i representantskapet, Reidar Sandal, ønskjer velkommen til årstalen til sentralbanksjefen 11. februar 2014.

KAPITTEL 3

TILSYN MED OVERORDNA STYRING OG KONTROLL

VERKSEMDA TIL NOREGS BANK

Tilsynet til representantskapet føreset brei kunnskap om verksemda til Noregs Bank, organiseringa og rammeverket for styring og kontroll. Nedanfor gir vi ei overordna beskriving av organisasjonen til sentralbanken og oppgåvestyringa.

OPPGÅVER, RAMMEVERK OG ORGANISERING

Oppgåvene og styringsstrukturen til Noregs Bank er, som nemnt ovanfor, i hovudsak regulerte i sentralbanklova. Lova opnar for å setje i verk tiltak som er vanlege eller naturlege for ein sentralbank. Hovudstyret har fleksibilitet til å organisere verksemda i tråd med oppgåver og mål.

Sentralbanken har rådgivande og utøvande oppgåver i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Kjerneoppgåver er overvaking og analysar av stabiliteten i det finansielle systemet og forvaltning av internasjonale reserver. Vidare skal Noregs Bank bidra til robuste og effektive betalingssystem og finansmarknader og utferde norske pengesettlar og myntar.

Lov om Statens pensjonsfond og mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland regulerer oppgåvene og ansvarsforholdet mellom Noregs Bank og Finansdepartementet når det gjeld forvaltingsoppdraget. Noregs Bank forvaltar SPU med langsiktig mål om å skape finansielle meirverdiar.

Finansdepartementet har fastsett forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank. Internkontrollforskrifta utfyller føresegnene i sentralbanklova om styring av og kontroll med verksemda. Vidare følgjer ein forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank og andre forskrifter med utgangspunkt i sentralbanklova. I tillegg gjeld generelt rammeverk på område som rekneskap, offentlegheit, offentlege innkjøp, tryggleik, personale og arbeidsmiljø.

Oppgåvene blir varetekne av dei to verksemdsområda sentralbankverksemda (SBV) og Noregs Bank Investment Management (NBIM). Verksemdsovergrepande funksjonar er organiserte i ei eiga avdeling og stabsfunksjonar i sentralbankverksemda. Verksemda til Noregs Bank er leidd frå Oslo, og det er etablert kontor i London, New York, Singapore og Shanghai. Dei internasjonale kontora

utfører primært oppgåver for SPU. I tillegg utøver NBIM verksemd i dotterselskap i samband med eigedomsinvesteringar. Vi viser elles til utdjupande informasjon i årsmeldinga og rekneskapa til Noregs Bank og til årsrapport om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland for 2014.

STYRINGS- OG KONTROLLSTRUKTUREN TIL HOVUDSTYRET

Hovudstyret har sju medlemmer som er oppnemnde av Kongen i statsråd. Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefen er leiar og nestleiar av hovudstyret og er tilsette i heiltidsstillingar i Noregs Bank. Dei andre fem er eksterne medlemmer. Det er oppnemnt to varamedlemmer for dei eksterne medlemmene. Varamedlemmene møter i hovudstyret med talerett. Av og mellom dei tilsette i banken blir det valt to medlemmer som supplerer hovudstyret når dei skal behandle saker om intern drift og saker som gjeld dei tilsette. Sentralbanksjefen kallar inn hovudstyret til møte så ofte som ønskjeleg eller når minst tre medlemmer krev det.


Utsende saksdokument er unnatekne offentleg innsyn etter offentlegheitslova § 14 om organinterne dokument. Godkjende protokolleringar av enkeltsaker er offentlege med mindre dei er unnatekne offentleg innsyn etter reglane om unntak for teiepliktige opplysningar eller teiepliktig dokumentinnhald. Eventuelt meirinnsyn i offentlege dokument blir praktisert i samråd med leiinga. Protokollane frå rentemøta til hovudstyret er normalt offentlege etter tolv år.

Etter sentralbanklova ligg den utøvande og rådgivande makta hos hovudstyret. Hovudstyret tek avgjerder av strategisk eller prinsipiell art eller med stor rekkjevidde. Det blir fastsett overordna prinsipp og styringsrammer for verksemdsutøving. Med utgangspunkt i sentralbanklova²⁶ kan hovudstyret gi særskild fullmakt til sentralbanksjefen eller andre som på avgrensa område har fullmakt til å avgjere saker. Delegert fullmakt blir følgd opp gjennom regulær rapportering.

Hovudstyret har i 2014 hatt to aktive underutval – kompensasjonsutvalet og revisjonsutvalet – og har fastsett

²⁶ Sentralbanklova § 10

FIGUR 6 ORGANISASJONEN I NOREGS BANK



mandat for desse. Utvala skal kvart år evaluere utføringa av eigne aktivitetar. Hausten 2014 blei det oppretta eit nytt underutval knytt til eigarskapsutøvinga i forvaltninga av SPU. Dette utvalet er nærmare omtalt seinare i rapporten.

Kompensasjonsutvalet består av to av dei faste eksterne hovudstyremedlemmene. Det er eit saksførebuaende og rådgivande utval for hovudstyret i saker som gjeld lønns- og kompensasjonsordningane til banken. Oppgåvene omfattar utarbeiding av innstilling til hovudstyret om vesentlege vilkår for leiarar i begge verksemdsområda. Vidare blir det utarbeidd innstillingar om prinsipp for resultatbaserte kompensasjonsordningar i Noregs Bank og om årleg samla rammer for utbetaling av resultatbasert kompensasjon. Utvalet skal sørge for at etterlevinga av fastsette rammer og krav til lønns- og kompensasjonsordningane blir vurderte regelmessig.

Revisjonsutvalet er sett saman av tre av dei faste eksterne medlemmene i hovudstyret. Det er etablert i samsvar med forskrift om risikostyring og internkontroll for Norges Bank. Utvalet er eit saksførebuaende og rådgivande arbeidsutval som skal bidra til å styrkje og effektivisere hovudstyret sitt arbeid med å forvalte og følgje opp finansiell rapportering, risikostyring og internkontroll. Revisjonsutvalet følgjer opp planane, arbeidet og rapporteringa til internrevisjonen. Utvalet skal medverke til nødvendig koordinering mellom internrevisjonen, tilsynssekretariatet og ekstern revisor og vareta andre vesentlege relasjonar med ekstern revisor og tilsynssekretariatet innanfor mandatet til hovudstyret.

Internrevisjonen er etablert med utgangspunkt i føresegner i sentralbanklova og internkontrollforskrifta. Han skal støtte oppfølginga til hovudstyret gjennom å gi uavhengige vurderingar av risikostyring og internkontroll. Oppgåvene blir utførte i samsvar med instruks frå hovudstyret og «Ethiske regler og standarder for profesjonell utøvelse av internrevisjon»²⁷. Hovudstyret godkjenner treårige langtidsplanar og fastset årlege revisjonsplanar. Internrevisjonen rapporterer til hovudstyret via revisjonsutvalet, og direktøren i internrevisjonen rapporterer administrativt til sentralbanksjefen. Direktøren har rett til å møte i hovud-

styremøta. Internrevisjonen fungerer som sekretariat for revisjonsutvalet til hovudstyret.

Figur 6 gir ei oversikt over den samla organisasjonen i Noregs Bank ved utgangen av 2014.

Sentralbanksjefen leier administrasjonen til Noregs Bank og har overordna ansvar for å gjennomføre vedtak.²⁸ Hovudstyret har delegert den operative delen av kapitalforvaltninga til direktøren for Noregs Bank Investment Management. Dei to leiarane er ansvarlege for å styre og organisere verksemdsområda og sørgjer for å etablere interne styringsdokument. Kapittel 4 og 5 beskriv oppgåvene og styringsmodellen til kvart av verksemdsområda.

Hovudstyret har ansvar for at det er tilfredsstillande rammer og prinsipp som varetek risikostyring og internkontroll i heile verksemda til Noregs Bank. Med utgangspunkt i internkontrollforskrifta er det fastsett hovudprinsipp for å sikre ei systematisk og heilskapleg tilnærming. Det er utarbeidd utfyllande retningslinjer i kvart av verksemdsområda for gjennomføringa. Risikostyringa er ein integrert prosess i verksemdsstyringa og skal bidra til å skape balanse mellom mål, risiko og kontrolltiltak i vesentlege prosessar. Verksemdsområda har etablert funksjonar som koordinerer og følgjer opp risikostyring i eiga eining.

Hovudstyret har fastsett etiske prinsipp for dei tilsette i Noregs Bank. Dei etiske prinsippa skal bidra til å skape felles haldningar til etiske problemstillingar. Alle tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å bidra til at omdømmet til Noregs Banks blir vareteke. Det inneber eit krav om å opptre etisk forsvarleg og avstå frå ulovlege handlingar som korrupsjon, bedrageri, underslag eller anna tenesteforsømming som kan svekke renommeet til banken. Dei overordna prinsippa er grunnlag for nærmare reglar og prosedyrar i verksemdsområda.

Vidare har hovudstyret fastsett prinsipp for intern varsling. Prinsippa er gitt for å etablere rutinar som legg forholda til rette for intern varsling om kritikkverdige forhold, og for å sikre at varsling ikkje skal føre til gjengjelding frå

²⁷ Utgitt av The Institute of Internal Auditors (IIA), januar 2013

²⁸ Sentralbanklova § 5 siste leddet

banken. Internrevisjonen er varslingsmottak for alle tilsette i Noregs Bank.

Stabsfunksjonar varetek sekretariatsoppgåvene for hovudstyret, det juridiske rammeverket for verksemda til Noregs Bank og den eksterne kommunikasjonen til hovudstyret. I kvart av verksemdsområda er det etablert ein etterlevingsfunksjon (compliance-funksjon) som følgjer opp og rapporterer om etterleving av lover, forskrifter og internt regelverk etter fastsette instruksar.

DET GENERELLE ÅRLEGE TILSYNET TIL REPRESENTANTSKAPET

OPPFØLGINGA TIL HOVUDSTYRET

Hovudstyret har fastsett ein overordna strategi for Noregs Bank for 2014 til 2016. Strategien legg vekt på at Noregs Bank skal vere ein open og veldriven sentralbank med nøktern og forsvarleg ressursbruk. Arbeidet med å fornye og vidareutvikle kjerneoppgåvene blir vidareført. Det er òg etablert utfyllande strategiar for verksemdsområda. Strategiane blir operasjonaliserte gjennom årlege handlingsplanar og følgde opp gjennom verksemdsrapporteringa. Representantskapet er orientert om strategiplanane og følgjer utviklinga gjennom budsjett- og plandokument, periodisk verksemdsrapportering og årsmeldinga og rekneskapen til hovudstyret.

I tilsynet har representantskapet lagt vekt på at hovudstyret periodisk og ved behov oppdaterer premissane for arbeidet i verksemdsområda og systematisk følgjer opp risikoar, handlingsplanar og resultat. Arbeidet med å styrkje styringsstrukturen og kontrollmiljøet er vidareført gjennom 2014, inkludert tilnærminga til operasjonell risikostyring og etterleving.

Gjennom Noregs Banks rapportar om verksemdsstyring, operasjonell risiko og internkontroll blir representantskapet halde orientert om korleis hovudstyret følgjer opp risikosituasjonen og uønskte hendingar. Rapportane beskriv òg eventuelle brot på lover, mandat og anna rammeverk. Moglege konsekvensar for omdømmet eller økonomien blir òg omtalte. Representantskapet konstaterer at det er etablert prosedyrar for jamlege vurderingar av risikosituasjonen og rutinar for igangsetjing av risikoreducerande tiltak. Rapporteringa blir følgd opp, og ein får

nødvendig tilleggsinformasjon i særskilde utgreingar eller frå sentralbanksjefen i møta. Det har i 2014 ikkje vore rapportert om brot eller hendingar av ein slik art at representantskapet har bedt om særleg oppfølging.

Arbeidet med samfunnsansvar, inkludert helse, miljø og sikkerheit, er omtalt i årsmeldinga til hovudstyret. I tillegg behandlar representantskapet årsrapportar frå arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet. Det er òg lagt fram utgreingar om oppfølging av tryggleik og beredskap i Noregs Bank.

Etiske prinsipp for dei eksterne hovudstyremedlemmene er i 2014 fastsett som eit supplement til Finansdepartementets forskrift om habilitet for Norges Banks hovedstyre²⁹. Prinsippa byggjer på tilsvarende rammeverk som gjeld for dei tilsette inkludert sentralbanksjefen og vise-sentralbanksjefen. Dei omfattar mellom anna føresegner om teieplikt, eigenhandel, innsideinformasjon og handtering av interessekonfliktar.

Hovudstyret sine prinsipp for signaturordning i Noregs Bank er oppdaterte i 2014. Sentralbanksjefen og vise-sentralbanksjefen har alminneleg (uavgrensa) signaturrett og kan kvar for seg forplikte banken ved underskrifta si. Direktørar som rapporterer til sentralbanksjefen, og direktøren for NBIM har som hovudregel alminneleg signaturrett innanfor dei respektive myndighetsområda sine. I tillegg kan det utarbeidast fullmaktsdokument ved behov.

Overordna rammeverk med særleg vekt på risikostyring, internkontroll, risikoreducerande tiltak og etterleving av lover og reglar er viktig for styringa av Noregs Bank. Representantskapet ser positivt på at hovudstyret har jamleg oppfølging med nødvendige tilpassingar av rammeverket.

ARBEIDET TIL INTERNREVISJONEN

Internrevisjonen avgir årleg ein rapport til hovudstyret om risikostyringa og internkontrollen i tråd med forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank. Vurderingar skal vere baserte på observasjonar frå gjennomførte

²⁹ Forskrift om forholdet til andre kredittinstitusjoner og bedrifter for medlemmer av Norges Banks hovedstyre

revisjonsprosjekt, rapportering frå verksemdsområda og dialog med sentrale medarbeidarar.

I 2014 har internrevisjonen lagt fram rapportar om verksemda til NBIM med vurderingar innanfor ansvarleg forvaltingsverksemd, styringsmodell for IKT og investeringar i selskap som ikkje er børsnoterte. Internrevisjonen har òg følgd med på endringar i organiseringa av oppgåver i NBIM og veksten av eigeomsforvaltinga. Innanfor sentralbankverksemda er det gjennomført revisjonar som omfatta verksemdsstyringa, IKT-styring og økonomi-styring. Vidare er det gjort vurderingar av utforming og implementering av etisk regelverk, tryggleik i transport av kontante betalingsmidlar og styring av valutareservane og likviditeten til Noregs Bank. I tilfelle der det er avdekt svake punkt, gir revisjonsrapportane tilrådingar om forhold som bør utbetrast. Verksemdsområda rapporterer periodisk til hovudstyret om oppfølging og tiltak.

Tilsynssekretariatet har gjennomgått alle rapportar frå internrevisjonen som er behandla i revisjonsutvalet og hovudstyret. Direktøren er til stades i revisjonsutvalet og hovudstyret når rapportane blir behandla. Hovudstyret har etablert prosedyrar for å følgje opp tiltak som internrevisjonen tilrår. Tilsynssekretariatet og internrevisjonen har fleire møte i året der dei går igjennom dei mest relevante rapportane. Aktuelle rapportar frå internrevisjonen blir vurderte i samband med tilsynsgjennomgangar.

Representantskapet behandlar årsrapporten til internrevisjonen i samband med hovudstyret si årlege rapportering om internkontroll i Noregs Bank. Vidare blir representantskapet orientert om arbeidet og rapportane til internrevisjonen dersom det er avdekt vesentlege brot eller hendingar som er viktige for tilsynet. I 2014 er det ikkje meldt om slike tilfelle.

SÆRSKILDE SAKER OG FORHOLD VED TILSYNET I 2014

ETTERLEVING AV FORSKRIFT OM RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL I NOREGS BANK

Rapportering om status for handlingsplanar, risikostyring og internkontroll blir behandla gjennom året. Med utgangspunkt i internkontrollforskrifta for Noregs Bank vurderer sentralbanksjefen kvart år om internkontrollen

har vore godt nok gjennomført, og gir ei samla rapportering om risikosituasjonen til hovudstyret. Basert på denne verksemdsrapporteringa og rapportar frå internrevisjonen gir hovudstyret ei årleg samla vurdering av risikosituasjonen og internkontrollen i Noregs Bank til representantskapet.³⁰

Hovudstyret vurderer i rapporten for 2014 at internkontroll og risiko hovudsakleg er på eit tilfredsstillande nivå. Samtidig er behovet for å setje i verk risikoreduserande tiltak framheva. Det er ikkje rapportert om vesentlege operasjonelle feil i løpet av året. Dette blir òg omtalt i den offisielle årsmeldinga til hovudstyret for 2014.

Representantskapet har gjennom året behandla saker frå hovudstyret om oppdatering av overordna rammeverk for styring og kontroll. Sentralbanksjefen har gjort greie for planlagde og gjennomførte tiltak og vurderingar av risikosituasjonen. Verksemdsrapporteringa der risikovurderingar er integrert, har hatt ei god utvikling. Samla bidreg det til å styrkje forståinga for kompleksiteten til sentralbanken og grunnlaget for styring og kontroll.

Representantskapet meiner at etterleving av krava i internkontrollforskrifta er dokumentert og oppfylt i 2014. Representantskapet vil halde seg løpande orientert om korleis hovudstyret følgjer opp risikoreduserande tiltak.

TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

God tryggleik og beredskap er svært viktig for Noregs Bank. Verksemda er underlagd tryggingslova og verneinstruksen. Det at Noregs Bank har skjermingsverdige objekt³¹, medfører skjerpa krav om tryggleiksklarering av personale og autorisasjon for tilgang til informasjon. Tryggleiksavdelinga har ansvar for vaktald og tryggleik ved hovudkontoret, dei internasjonale kontora og sentralbankdepota.

Hovudstyret har i 2014 oppdatert prinsipp for tryggleik, beredskap og krisehandtering i Noregs Bank. På overordna nivå blir det gitt ei felles regulering for å verne

³⁰ Forskrift om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank § 8

³¹ Objekttryggingsforskrifta stiller krav til utval, klassifisering og vern av skjermingsverdige objekt som i samsvar med tryggingslova er av avgjerande nasjonal interesse.

verdiar som er viktige både for sentralbankverksemda og NBIM. Utforming av meir detaljerte retningslinjer er delegert til leiarane av verksemdsomsråda.

Noregs Bank samarbeider med tryggleiksmiljøa på Stortinget og i departementa, lokale myndigheiter og andre relevante aktørar. Nasjonalt tryggingsorgan fører tilsyn med Noregs Bank og andre offentlege verksemdar som er omfatta av tryggingslova, og det er etablert rutine for å rapportere hendingar til Nasjonalt tryggingsorgan. Det blir arbeidd på ein systematisk måte med utgangspunkt i det aktuelle trusselbiletet, mellom anna gjennom ein fastsett beredskapsplan og ved å gjennomføre regelmessige øvingar.

Representantskapet behandlar årleg tryggleiksgjennomgangen frå hovudstyret med analyse av trusselbiletet og orientering om prioriteringar for gjennomføring av tiltak for å styrkje tryggleiken og beredskapen. Tryggleik blir òg behandla gjennom verksemdsrapporteringa og i planane og budsjettframlegget til hovudstyret. Som ein følgje av eksterne hendingar og auka trusselbilete er det gjennomført endringar i prosessar og kontrollrutinar for å sikre verdiane til Noregs Bank. Representantskapet er orientert om framdrifta i sikringstiltak som òg er avhengige av tiltak som Noregs Bank ikkje har kontroll over.

Representantskapet er spesielt merksam på tryggleik. Det blir gjort grundige risiko- og sårbarheitsanalysar, og hovudstyret har løpande oppfølging av området. Det er avgjerande at funksjonar som er viktige for samfunnstryggleiken, blir varetekne, og at tryggleik for dei tilsette og sikring av verdiar er høgt prioritert.

Ressursar til å gjennomføre tiltak blir gitt gjennom årlege budsjett. I ekstraordinære situasjonar kan hovudstyret dekkje kostnader for å sikre liv, helse og større verdiar utan at det ligg føre noka særskild løyving. Ved slike tilfelle skal representantskapet ha etterfølgjande rapportering.

RÅDGIVARROLLA TIL NOREGS BANK

Etter sentralbanklova skal Noregs Bank vere eit utøvande og rådgivande organ for penge-, kreditt- og valutapolitikken og gi fråsegner om spørsmål frå Kongen eller departementet. Sentralbanken har òg ei sjølvstendig plikt til å gi råd når han finn det nødvendig. Eit døme på rådgivingsaktivitet er at Noregs Bank utarbeider avgjerdsgrunnlag og gir Finansdepartementet råd om nivået på den mot-sykliske kapitalbufferen i bankane.³² Vurderingane blir presenterte kvart kvartal i Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet.

Mandatet for SPU-forvaltninga regulerer både rådgivingsplikta og fråsegnretten til Noregs Bank.³³ Ein skal gi råd til departementet om strategien for investeringsporteføljen etter oppmoding frå departementet eller som eige tiltak. Vidare skal ein gi råd om behov for endringar i mandatet, og Noregs Bank har rett til å uttale seg før det blir gjort vesentlege endringar. I 2014 er det gitt fleire fråsegner, mellom anna om utviklinga av ansvarleg forvaltingsverksemd og egedomsporteføljen.

Representantskapet er orientert om fråsegnene til hovudstyret, men har inga rolle i rådgivingsprosessane. I ein tilsynsgjennomgang er problemstillingar knytte til rådgivingsrolla granska. Det er særleg gjort vurderingar av tilfelle der sentralbankverksemda og NBIM gir råd om regulering på område der det òg er operativ verksemd. Gjennomgangen omfatta prosessar for å utarbeide råd, intern kvalitetssikring og behandling i hovudstyret. I dei sakene som er vurderte, er det Finansdepartementet som får råda.

Vurderingskriteria tok utgangspunkt i dei etiske retningslinjene for statstenesta og føresegnene om habilitet og dokumentasjonskrav i saksbehandlinga i forvaltingslova. Vidare var varetaking av rollefordelinga mellom Finansdepartementet og Noregs Bank og intern ansvarsfordeling sentrale kriterium. I vurderingane har ein sett på føresegnene i internkontrollforskrifta, det etablerte interne styringsrammeverket og den praktiske oppfølginga.

³² Jf. forskrift om motsyklisk kapitalbuffer fastsett av Finansdepartementet. Tok til å gjelde 15. oktober 2013.

³³ Jf. mandatet § 1-4

Gjennomgangen viste at det er etablert etterprøvbare prosessar med klar ansvarsfordeling ved førebuing av råd knytte til sentralbankverksemda. NBIM har òg etablert ein prosess for å koordinere rådgivingsarbeidet. Kontakten mellom Noregs Bank som rådgivar og Finansdepartementet som regulerande myndigheit skjer etter avklarte rammer, der den faglege integriteten og uavhengige roller blir varetekne. Råd til departementet blir avgjorde etter grundig behandling i hovudstyret, som formelt gir råda. Grunnlag og vurderingar er dokumenterte i saksdokumenta i behandlinga.

I rapporten frå gjennomgangen er det gitt ei tilråding om at det kan vere behov for å vidareutvikle hovudstyret sine saksdokument om grunngeving i rådgivingsprosessen for å sikre etterprøvarheit. Det gjeld særleg på kapitalforvaltingsområdet. Representantskapet slutta seg til vurderingane i rapporten.

STYRING AV ETTERLEVING

Samfunnet ventar at Noregs Bank har gode rutinar for å etterleve formelle rammeverk for verksemda. Både verksemda og representantskapet er i stor grad merksame på dette.

Det er utført ein tilsynsgjennomgang der formålet var å vurdere om hovudstyret si styring av etterleving er i tråd med relevante standardar og beste praksis for organisering og oppfølging av etterlevingsarbeid. Gjennomgangen omfatta både sentralbankverksemda og NBIM. Som bakgrunn for vurderingane blei det nytta relevante standardar og god praksis for konkretisering av arbeidet med etterleving i sentralbankar og på kapitalforvaltingsområdet.

I verksemdar som er underlagde eit stort omfang av regulatoriske føresegnar, til dømes børsnoterte selskap og finansinstitusjonar, er det ofte lovpålagt og elles god praksis å etablere ein uavhengig etterlevingsfunksjon (compliance-funksjon), jf. andrelinja i kontrollmodellen i figur 4. I Noreg er det etablert rammeverk for verdipapirforetak og verdipapirfond med tilknytte forskrifter som byggjer på internasjonal utvikling av direktiv og standardar, og som inneheld føresegnar om kontroll av etterleving.

Europeiske sentralbankar har i varierende grad innført uavhengige etterlevingsfunksjonar, men det er under utvikling. Baselkomiteen³⁴ er ein internasjonal standardsetjar som i 2005 gav ut ti prinsipp³⁵ eller retningslinjer for styring av etterleving og etablering av etterlevingsfunksjonar i bankar og finansieringsverksemdar. Desse gjeld ikkje sentralbankar spesifikt, men blei nytta som relevante målekriterium i tilsynsgjennomgangen når styring av og kontroll med etterleving i Noregs Bank skulle vurderast.

Gjennomgangen viste at Noregs Bank har organisert og etablert prosessar for å fastsetje prinsipp og følgje opp etterleving som er i tråd med beste praksis. Periodiske verksemdsrapportar informerer om vesentlege avvik eller hendingar med oppfølging til hovudstyret. Internrevisjonen rapporterer om etterleving i samband med prosjekt og halvårleg og årleg til hovudstyret via revisjonsutvalet. Samla gir rapporteringa hovudstyret eit godt grunnlag for å følgje opp etterlevingsarbeidet. Hovudstyret gir periodiske oppsummeringar til representantskapet.

Etterlevingsfunksjonane rapporterer til den øvste leiaren i det respektive verksemdsområdet. For leiaren av etterleving i NBIM (Chief Compliance Officer) er det etablert ei uavhengig rapporteringslinje til hovudstyret i tråd med anerkjende standardar. På tidspunktet for gjennomgangen var det ikkje etablert tilsvarende uavhengig rapportering til hovudstyret i sentralbankverksemda. Det er endra i ettertid i tråd med ei tilråding i tilsynsrapporten.

Representantskapet merkjer seg at etterlevingsarbeidet i Noregs Bank er organisert og blir gjennomført i tråd med beste praksis.

STYRINGSMODELLEN TIL NOREGS BANK

Styringsmodellen til Noregs Bank er regulert i sentralbanklova. I tillegg til sentralbankoppgåvene har Noregs Bank ansvaret for å forvalte Statens pensjonsfond utland. Verksemda til Noregs Bank medfører at hovudstyret dekkjer eit breitt saksfelt. Representantskapet følgjer heile tida med på hovudstyret sitt arbeid med å leie og kontrollere verksemda.

³⁴ Basel Committee on Banking Supervision, BIS

³⁵ «Compliance and the Compliance Function in Banks»

Det er gjennomført ein tilsynsgjennomgang i 2014 for å vurdere hovudstyret sine prosessar for styring og kontroll og premisser for delegering, oppfølging og rapportering. Gjennomgangen er gjennomført i samarbeid med Deloitte AS. Vurderingane er gjorde innanfor rammene i sentralbanklova³⁶, mandatet for SPU-forvaltinga og internkontrollforskrifta. Det er teke utgangspunkt i relevante internasjonale standardar for verksemdsstyring.

Ei hovudvurdering frå gjennomgangen er at det er etablert tydelege styringspremissar for verksemda. Hovudstyret utvalet fyller ei viktig rolle i utøvinga av kontrolloppgåver. Etter sentralbanklova er sentralbanksjefen leiar av hovudstyret og dagleg leiar i Noregs Bank. Hovudstyret har delegert den daglege leiinga av kapitalforvaltingsverksemda til direktøren for NBIM, som blir tilsett av og rapporterer til hovudstyret. Det er dermed etablert ei tydeleg arbeids- og ansvarsdeling mellom hovudstyret og dagleg leiar for NBIM som er i tråd med tilrådingar for god verksemdsstyring.³⁷

Hovudstyret dokumenterer arbeidet sitt gjennom protokollar, saksdokument og ekstern rapportering. Vidare blir strategiar og beskrivingar av styringsmodellen offentleggjorde. Tilsynsrapporten gav tilrådingar om utviklinga av hovudstyrets forretningsorden, protokollar og prosess for eignevalueringar.

Store finansinstitusjonar etablerer i stadig aukande grad risikoutval som skal førebu styret si fastsetjing av risikoappetitt,³⁸ og oppfølging av risikoforhold. Det blei tilrådd i rapporten at hovudstyret bør vurdere om eit slikt underutval kan vere formålstenleg for Noregs Bank. Vurderinga bør òg vareta arbeidet med eit rammeverk for hovudstyret si behandling av store eigeidomsinvesteringar.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i tilsynsrapporten. Ei vidareutvikling av protokollane til hovudstyret vil bidra til å styrkje grunnlaget for tilsynet til representantskapet.

³⁶ Sentralbanklova §§ 5 Bankens øverste ledelse, 6 Hovedstyret, 10 Fullmakter og utvalg og 30a Revisjon

³⁷ I internasjonal samanheng blir den britiske standarden for verksemdsstyring rekna som leiande. Vidare er IMF og Baselkomiteen (BIS) sine prinsipp for styring av finansinstitusjonar relevante.

³⁸ Risikoappetitten oppgir kva nivå for risiko organisasjonen kan ta på seg for å nå bestemte resultat.

KAPITTEL 4

TILSYN MED SENTRALBANKVERKSEMDA

STYRINGSMODELL, OPPGÅVER OG ORGANISERING

Sentralbankverksemda, som består av avdelingane Marknader og banktenester, Pengepolitikk og Finansiell stabilitet, arbeider med dei tradisjonelle sentralbankoppgåvene etter lova³⁹. Avdelinga for konsern- og fellesfunksjonar varetek administrative oppgåver for sentralbankverksemda og funksjonar og prosessar som gjeld for heile Noregs Bank, jf. organisasjonen i Noregs Bank i figur 6.

Sentralbanksjefen har etablert ein organisasjon og ein styringsstruktur som klargjer organiseringa, prosessane, rollene og ansvaret. Avdelingsdirektørane har mellom anna ansvar for risikostyring, internkontroll og økonomistyring innanfor ansvarsområdet sitt og fastset interne retningslinjer. Det er òg etablert ein sentral risikostyringsfunksjon som skal støtte avdelingsleiarane og sentralbanksjefen i arbeidet med å styre verksemdsrisiko.

Fleire utval som varetek føresegner i arbeidsmiljølova og avtalar mellom tilsette og Noregs Bank som arbeidsgivar, er etablerte i sentralbankverksemda. Arbeidsmiljø- og samarbeidsutvalet er eit partssamansett utval som skal verke for gjennomføringa av eit forsvarleg arbeidsmiljø i Noregs Bank og medverke til informasjon, samarbeid og medbestemming. Forhandlingsutvalet varetek gjennomføringa av tarifforhandlingane med organisasjonane til dei tilsette. Medbestemmings- og personalutvalet er eit partssamansett utval som skal vareta føresegner om informasjon, samarbeid og medbestemming i hovudavtalane til partane.

DET GENERELLE ÅRLEGE TILSYNET TIL REPRESENTANTSKAPET

OPPFØLGINGA TIL HOVUDSTYRET

Med utgangspunkt i dei overordna prinsippa for risikostyring i Noregs Bank har hovudstyret vedteke prinsipp for risikostyring i sentralbankverksemda. Hovudstyret har

òg behandla kriteria for å vurdere nivået på verksemdsrisikoen. Risikovurderingar skal vere ein del av avgjerdsgrunnlaget for alle vesentlege endringar, også endringar som kan påverke den finansielle risikoen.

Sentralbanksjefen har fastsett utfyllande retningslinjer for risikostyring i sentralbankverksemda som omfattar definisjonar av risikoforhold, handtering av hendingar, ansvar og rapportering. Risikoidentifisering og vurdering blir gjennomført kvartalsvis og ved alvorlege hendingar og ved større endringar i oppgåver, IKT-system, infrastruktur eller rammevilkår. Status for regeletterleving blir rapportert til sentralbanksjefen kvart halvår og straks dersom ein avdekkjer alvorlege brot på regelverket. Uønskte hendingar skal rapporterast og handterast for å få verksemda tilbake til normal drift.

Hovudstyret behandlar den samla verksemdsrapporteringa for sentralbankverksemda. Den omfattar status for handlingsplanar og ressursbruk, verksemdsrisiko, etterleving og internkontroll. Sentralbanksjefen får i tillegg ei samla rapportering frå avdelingane kvart kvartal og elles ved behov gjennom året.

Representantskapet er orientert om prinsippa og retningslinjene for risikostyring. Det er svært viktig for tilsynet at det er etablert gode rutinar for å rapportere hendingar og gjennomføre risikoreduserande tiltak. Representantskapet følgjer opp styringa av sentralbankverksemda på generelt nivå gjennom behandlinga av rapportar, planar og budsjett.


SÆRSKILDE SAKER OG FORHOLD VED TILSYNET I 2014

FORVALTINGA AV INTERNASJONALE RESERVAR

Dei internasjonale reservane til Noregs Bank består av valuta-reservane og fordringar på Det internasjonale valutafondet (IMF). Valuta-reservane skal kunne nyttast til transaksjonar i valutamarknaden som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken eller ut frå omsynet til finansiell stabilitet og for å møte dei internasjonale pliktene til Noregs Bank. I 2014 auka reservane med 120,3 milliardar kroner til 448,6 milliardar kroner.

³⁹ Sentralbanklova § 1 første leddet andre og tredje punktum: «Norges Bank skal være et utøvende og rådgivende organ for penge-, kreditt- og valutapolitikken. Den skal utstede pengesedler og mynter, fremme et effektivt betalingssystem innenlands og overfor utlandet og overvåke penge-, kreditt- og valutamarkedene.»

FIGUR 7 MEKANISMEN FOR TILFØRSEL AV MIDLAR TIL SPU



Valutareservane er sette saman av ein pengemarknadsportefølje, ein petrobufferportefølje og ein langsiktig portefølje. Ein del av pengemarknadsporteføljen utgjer ein likviditetsberedskap som skal kunne nyttast innan ein handledag utan å måtte ta større tap. Formålet med petrobufferporteføljen er å sørge for formålstenleg tilførsel av nye midlar til Statens pensjonsfond utland. Porteføljen blir bygd opp ved løpande kjøp av valuta frå Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE) og ved at Noregs Bank sjølv kjøper valuta i marknaden. Ved utgangen av 2014 var porteføljen på 51,4 milliardar kroner. Det blir normalt overført midlar til SPU kvar månad, jf. figur 7, som viser mekanismen for tilførsel av midlar til SPU.

Hovudstyret behandlar ei årleg vurdering av strategien og rammeverket for forvaltninga av valutareservane. I 2014 er det gjort tilpassingar i hovudstyret sine prinsipp⁴⁰ for forvaltninga med omsyn til grenser for eksponering av risiko mellom porteføljane, men utan at endringa fører til auka samla risiko. Sentralbanksjefen fastset referanseportefølje og retningslinjer for den langsiktige porteføljen som NBIM forvaltar.

Hovudstyret følgjer opp den finansielle risikoen og forvaltninga av valutareservane gjennom kvartalsrapportar som blir offentleggjorde på heimesidene til Noregs Bank. Representantskapet gjennomgår rapportane. Det har merkt seg at det ikkje har vore brot på retningslinjene, og det er nøgd med rapporteringa om porteføljane og oppfølginga av likviditeten i valutareservane.

PENGEPOLITIKK OG FINANSIELL STABILITET

Operativ gjennomføring av pengepolitikk er eit kjerneområde for sentralbanken. Representantskapet fører tilsyn med prosessane til hovudstyret og oppfølginga av oppgåvene til Noregs Bank på dette området. Det blir lagt vekt på at hovudstyret er ope og føreseieleg omkring rentefastsetjinga. Under dei faste orienteringane til sentralbanksjefen i representantskapet blir det gjort greie for korleis Noregs Bank vurderer den aktuelle økonomiske situasjonen. Det er òg hovudtemaet i årstalen til sentralbanksjefen.

Noregs Bank har som oppgåve å overvake system for finansiell infrastruktur i Noreg, jf. sentralbanklova § 1 og gjeldande internasjonale prinsipp⁴¹. I tillegg deltek sentralbanken i overvakingsgruppa for valutaoppgjerssystemet CLS⁴². Overvakinga skal avgrense risikoen i systema for avrekning og oppgjær av pengeoverføringar mellom bankar. Vidare følgjer ein med på viktige utviklingstrekk i det samla betalingssystemet, og formålet er å bidra til stabilitet i det finansielle systemet.

Representantskapet får Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet, som blir offentleggjord fire gonger årleg. Rapporten inneheld sentralbanken si vurdering av utsiktene for styringsrenta og behovet for ein mot-syklisk kapitalbuffer i bankane. Vidare får representantskapet hovudstyret sin årsrapport om finansiell stabilitet. Den ser nærmare på langsiktige og strukturelle trekk ved bankvesenet som er viktige for den finansielle stabiliteten. Formålet med og innhaldet i rapportane fell i utgangspunktet utanfor det direkte tilsynsområdet til representantskapet, men dei gir viktig bakgrunnsinformasjon om oppgåver og gjennomføring av kjerneprosessar på dette området i sentralbanken.

OPPGJERSSYSTEMET TIL NOREGS BANK


Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken for betalingar mellom bankane i Noreg. Oppgjerstenester for bankane blir utførte gjennom oppgjerssystemet til Noregs Bank (NBO), jf. figur 8, som viser ei oversikt over aktørar og samanhengar i det norske betalingssystemet. Formålet med NBO er å fremje effektivitet i betalingssystemet for å sikre eit raskt og sikkert oppgjær mellom bankane.

I oppgjerssystemet blei det i 2014 i gjennomsnitt gjort opp betalingar for 213 milliardar kroner dagleg. NBO-drifta er utkontraktert til EVRY ASA, som er ein stor leverandør av IKT-tenester i Noreg. Ved stans i NBO vil ei rekkje betalingar ikkje bli gjennomførte. Det er ikkje rapportert om vesentlege brot i drifta av oppgjerssystemet eller tilgjengelegheita for kjernesystema det siste året. Hovud-

⁴¹ CPSS Committee on Payment and Settlement Systems, etablert i BIS. IOSCO, International Organization of Security Commissions. Ei gruppe organisasjonar som regulerer securities- og futures-marknader.

⁴² Continuous Linked Settlement. Avrekningssystem mellom internasjonale valutaer.

FIGUR 8 DET NORSKE BETALINGSSYSTEMET



styret omtaler oppgjerssystemet i årsmeldinga for 2014 og gir uttrykk for at drifta har vore stabil. Kontrollrutinane hos EVRY ASA blir dokumenterte i årlege revisjonsrapportar.⁴³

Opgjerssystemet skal oppfylle relevante internasjonale standardar og krav til samfunnskritisk infrastruktur. Noregs Bank er ikkje formelt omfatta av IKT-forskrifta til Finanstilsynet, men nyttar denne som eit relevant styringsrammeverk for drift og utvikling av IKT-løysingane for oppgjerssystemet. I årsrapport om oppgjerssystemet frå hovudstyret er representantskapet orientert om gjennomføringa av ei sjølvevaluering av NBO mot internasjonale prinsipp for finansiell infrastruktur. Prinsippa blir rekna som oppfylte. Samtidig blir det lagt meir vekt på tryggleikstruslar i risikovurderingane, og det blir arbeid med ei forsterka beredskapsløysing.

NBO er eit skjermingsverdig objekt i samsvar med tryggingslova.⁴⁴ Nasjonalt tryggingsorgan fører tilsyn på dette området. Noregs Bank får tilsynsrapportar frå Nasjonalt tryggingsorgan, og eventuelle avvik blir handterte og følgde opp gjennom generell tryggleiksrapportering. For kvart år blir det utarbeidd ein plan for beredskapsøvingar for oppgåvene med oppgjerssystemet, bankane sin garanti for lån og kontohaldet for staten. Øvingane blir gjennomførte internt eller i samarbeid med eksterne leverandørar og aktørar i betalingssystemet.

Noregs Bank informerer offentleg om oppgjerssystemet i ein årleg rapport om den finansielle infrastrukturen.⁴⁵ Representantskapet er orientert om beredskapsarbeidet og vesentlege driftshendingar gjennom årsrapport om NBO og ordinær verksemdsrapportering og har merkt seg at det blir arbeid med å styrkje beredskapsløysinga. Ein er nøgd med at det blir rapportert om høg driftsstabilitet og god styring av og kontroll med oppgjerssystemet.

⁴³ Attestasjonsfråsegner om kontrollar hos ein serviceorganisasjon frå revisor i EVRY ASA etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3402

⁴⁴ Tryggingslova § 17 og objektryggingsforskrifta

⁴⁵ http://static.norges-bank.no/pages/99257/Finansiell_Infrastruktur_2014_2.pdf

NOREGS BANK SITT ANSVAR FOR Å UTFERDE SETLAR OG MYNTAR

Noregs Bank har ansvaret for å utferde pengesetlar og myntar. Det inneber å fastsetje den pålydande verdien til setlane og myntane og bestemme utforminga av dei. Vidare har sentralbanken ansvar for å sikre at samfunnet har tilgang på og nødvendig tillit til kontantar som betalingsmiddel, og for å fremje eit effektivt samla betalingsystem. Representantskapet er primært oppteke av at det er høg ibuande risiko for misleghald og eksterne truslar.

NOKAS AS driftar fire av fem sentralbankdepot, mens sentralbanken sjølv er ansvarleg for å drifte depotet i Oslo. Ved depota blir det utført behandlingstenester som lagerstyring, ektheitskontroll og setledestruksjon. Oberthur Technologies i Frankrike og Giesecke & Devrient i Tyskland er leverandørar av norske setlar. Vidare er det i 2014 inngått ein ny rammeavtale med Det Norske Myntverket for leveransar av norske myntar. Representantskapet er orientert om prosessen når det gjeld val av myntleverandør og dei andre leverandøravtalane.

Tilsynsplanen omfattar faste årlege oppgaver på dette området. Det blir gjennomført oppfølgingsmøte med Noregs Bank for å orientere om risikoforhold og endringar i prosessar, system og styringa av avtaleforhold. Saman med Deloitte AS er det gjennomført kontrollopptak av behaldningar i sentralbankdepotet som Noregs Bank opererer. Vidare går ein gjennom Noregs Bank sine kontrollar med behaldningar hos leverandørar, leveransar av nye setlar og myntar og lagerstyring i sentralbankdepota.

Representantskapet behandlar dei halvårlege rapportane frå Noregs Bank om setlar og myntar og omtale i verksemdsrapportering. Ein er nøgd med at det ikkje er rapportert om avvik i etablerte rutinar i 2014. Representantskapet meiner at det er etablert trygg styring av og kontroll med oppgaver og ansvar på setel- og myntområdet.

Representantskapet er orientert om og har løyvd ressursar til å gjennomføre det igangverande prosjektet med å utvikle ein ny setleserie. Noregs Bank har bestemt kva tryggleikselement og motiv som skal nyttast, og designen på dei nye setlane vil bli presentert i 2016.

KONSERNKONTOEN TIL STATEN

Ved utløpet av 2014 utgjorde det statlege innskotet i Noregs Bank 115,6 milliardar kroner. Finansdepartementet og Noregs Bank har inngått ein avtale som regulerer drifta og forvaltinga av kontoane til staten. Arbeidet blir utført innanfor regelverket for økonomistyring i staten og retningslinjene for oppgjærskontoar i konsernkontosystemet. Noregs Bank er ansvarleg for å gjennomføre og følge opp avtaleregulerte krav til tryggleik, backup og beredskapsrutinar, inkludert dei oppgåvene som EVRY ASA utfører på oppdrag frå Noregs Bank.

Etter avtalen skal det bli gitt ei årleg uavhengig attestasjonsfråsegn om korleis Noregs Bank oppfyller avtalebestemte krav. Deloitte AS har gitt ei slik fråsegn med vurderingar av kontrollrutinar og krav til tryggleik og beredskap for 2014. Representantskapet har behandla fråsegna og sendt henne vidare til Finansdepartementet. Representantskapet meiner at det er etablert tilfredsstillande styring av og kontroll med det statlege innskot i Noregs Bank.



KAPITTEL 5

TILSYN MED KAPITALFORVALTINGA

STYRINGSMODELL, OPPGÅVER OG ORGANISERING

Den operative forvaltninga av Statens pensjonsfond utland og den langsiktige porteføljen i valutareservane til Noregs Bank blir gjennomført av Noregs Bank Investment Management.

Styringsmodellen for SPU er basert på ei klar ansvars- og rolledeling mellom Finansdepartementet og Noregs Bank.⁴⁶ Organisering og overordna investeringsstrategi er forankra i Stortinget. Noregs Bank skal sørge for at SPU blir forvalta i samsvar med mandat frå Finansdepartementet.⁴⁷

Hovudstyret har fastsett retningslinjer for kapitalforvaltninga gjennom prinsippdokument, investeringsmandat og stillingsinstruks for direktøren for NBIM, som rapporterer direkte til hovudstyret. Verksemdsovergrepande prinsipp frå hovudstyret og retningslinjer som sentralbanksjefen har fastsett, omfattar òg aktivitetane til NBIM. Det er mellom anna fastsett utfyllande prinsipp til forskrift om godtgjørelesordningar i finansinstitusjoner, verdipapirforetak og forvaltningsselskap for verdipapirfond.⁴⁸ Prinsipp, retningslinjer og rammer som hovudstyret har fastsett, og som følgjer av mandatet for SPU, blir offentleggjorde.⁴⁹

Verksemda blir leidd frå Oslo. I tillegg blir det utført investeringsaktivitet ved dei internasjonale kontora til Noregs Bank. Utvikling og drift blir i hovudsak styrt gjennom treårige strategiplanar og årlege handlingsplanar og budsjett. Investeringsverksemda blir følgd opp ved regelmessig rapportering av avkasting og risiko, rekneskapsrapportar og rapportering om mandatoppfølging, operasjonell risiko og internkontroll.

⁴⁶ Jf. lov om Statens pensjonsfond § 2

⁴⁷ § 1-2 i mandatet seier at kroneinnskottet til departementet skal vere plassert på særskild konto i Noregs Bank. «Banken skal i eget navn videreplassere kroneinnskuddet i en portefølje av finansielle instrumenter, fast eiendom og kontantinnskudd og andre eiendeler og finansielle forpliktelser som banken forvalter i henhold til dette mandatet (investeringsporteføljen).»

⁴⁸ Fastsett av Finansdepartementet 1. desember 2010 nr. 1507

⁴⁹ Følgjer av føresegna i mandatet for SPU-forvaltninga § 6-2

ENDRINGAR I ORGANISERINGA I 2014

Forvaltninga omfattar investeringsområda aksjar, rentepapir og eigedom. Gjennom 2014 har det vore prosessar for å endre organiseringa av arbeidet. Investeringsområda for rente- og aksjeporteføljen er reorganiserte i samsvar med overordna investeringsstrategiar på tvers av aktivaklassar.

I fjerde kvartal i 2014 blei eigedomsforvaltninga etablert som eininga Noregs Bank Real Estate Management i NBIM, jf. organiseringa i Noregs Bank i figur 6. I denne delen av forvaltninga, inkludert dotterselskapet NBIM S.å r.l., er det no 65 tilsette. Hovudstyret gjorde i slutten av 2014 eit prinsippvedtak om å opprette eit rådgivande utval for behandling av investeringsavgjerder i eigedomsforvaltninga. Utvalet skal normalt gi råd til leiaren for eigedomsforvaltninga. Investeringsavgjerder over definerte terskelverdier skal løftast til hovudstyret. Det er hovudstyret som utnemner medlemmene i utvalet.

Det vil bli arbeid vidare med å organisere eigedomsforvaltninga og utvikle styringsdokument i 2015. For nærmare omtale viser vi til Noregs Bank si rapportering om SPU-forvaltninga i 2014.

Representantskapet blir halde løpande orientert om avgjerdene til hovudstyret og endringane i organiseringa av eigedomsforvaltninga.

NBIM har over tid i stor grad nytta eksterne leverandørar. Dei siste åra er det arbeid med å forenkla arbeidsprosessane for behandling av transaksjonar. I 2014 blei rekneskapsfunksjonar og oppgjærstenester for aksjesida tilbakeført. Tidleg i 2015 vil tilsvarande prosessar bli gjennomførte for rentesida. Det vil då vere etablert eit felles system for transaksjons- og oppgjærprosessar. I tillegg til auka effektivitet ventar ein styrkt internkontroll og betre rapporteringsgrunnlag. Citibank er vald som ny global leverandør av depottenester, og i hovudsak er alle porteføljar overførte. Representantskapet er orientert om at overføringane har gått som planlagt.

DET GENERELLE ÅRLEGE TILSYNET TIL REPRESENTANTSKAPET

OPPFØLGINGA TIL HOVUDSTYRET

Hovudstyret har fastsett prinsipp for risikostyring i NBIM, inkludert ei finansiell og ei omdømmemessig toleransegrense for operasjonell risiko. Prinsippa blir regelmessig vurderte, og representantskapet blir halde orientert. Hovudstyret vedtok å justere målet for risikotoleransen i 2014 på bakgrunn av utviklinga i verksemda til NBIM og storleiken til fondet, noko som inneber at dei potensielle finansielle konsekvensane av enkelthendingar kan bli større. Det oppdaterte prinsippdokumentet er sendt til Finansdepartementet til orientering og publisert på nbim.no.

Strategien for Noregs Bank Investment Management for perioden 2014–2016 er fastsett av hovudstyret og offentliggjord. Strategiplanen er forankra i mandatet for SPU og er ei vidareutvikling av den retninga som var oppgitt i den førre treårsperioden. Representantskapet har særleg merkt seg den planlagde veksten i eigedomsforvaltninga, med mange fleire tilsette.

I 2014 har hovudstyret justert forretningsordenen sin for å tydeleggjere ansvarsforholdet mellom direktøren for NBIM og sentralbanksjefen som leiår for hovudstyret. Dette er ei oppfølging frå ei tilråding i tilsynsrapport om Noregs Bank si rolle som rådgivar, jf. omtalen ovanfor.

I tilknytning til kvartalsrapporteringa om SPU er det gitt presentasjonar om gjennomføring av forvaltninga, oppnådde resultat og risikoforhold. Presentasjonane har omfatta utvikling i marknadsverdi, avkastning, utvikling av investeringsuniverset og overhalding av rammer for forvaltninga. Avkastninga i SPU får mykje merksemd. Metoden for avkastingsmåling i rapporteringa byggjer på ein internasjonalt anerkjend standard. Deloitte AS kontrollerer sentrale avkastingsstal i dei eksterne kvartalsrapportane etter avtale med representantskapet.

SÆRSKILDE SAKER OG FORHOLD VED TILSYNET I 2014

STYRINGSRAMMEVERK FOR SKATT

Noregs Bank er ikkje skattepliktig for verksemda i Noreg. Som sentralbank og forvaltar av statlege midlar er Noregs Bank i stor grad friteken for skattlegging i aksje- og renteforvaltninga. Det følgjer av bilaterale skatteavtalar eller nasjonale reglar. Eigedomsinvesteringar blir skattlagde forskjellig frå finansielle plasseringar i aksjar og obligasjonar i mange land.

I rapporten til Stortinget for 2013 omtalte representantskapet ei attestasjonsfråsegn frå Deloitte AS om rammeverket for styring av og kontroll med skattekostnader i SPU-forvaltninga. Representantskapet bad i den samanhengen hovudstyret om å leggje fram ei utgreiing om implementering av styringsrammeverk for skatt innanfor eigedomsinvesteringar.

Med utgangspunkt i mandat for SPU og prinsippa til hovudstyret er det fastsett eit internt rammeverk som skal sikre at dei finansielle interessene i SPU blir varetekne innanfor ramma av lokale lovkrav, bilaterale skatteavtalar og internasjonale standardar.⁵⁰ Eksterne rådgivarar skal sikre korrekt handtering av skatt.

Det er viktig for representantskapet at rammene for verksemda blir følgde, og gjennom året har ein drøfta skattemessige problemstillingar. Oppfølginga til hovudstyret og implementeringa av rammeverk for styring av og kontroll med skatt er tekne til etterretning.

ANSVARLEG FORVALTINGSVERKSEMD

Representantskapet følgjer med på at forvaltninga blir gjennomført i samsvar med gjeldande mandat og retningslinjer, og det har dei seinare åra vore særleg interesse knytt til den ansvarlege forvaltingsverksemda. Det går for seg ein prosess i Noregs Bank for å følgje opp tilrådingar frå tidlegare tilsynsgjennomgangar. Dette var særleg knytt til konkretisering av styringsrammeverk, rapportering og bidrag til å utvikle internasjonale standardar. Delar av

⁵⁰ I struktureringa av eigedomsinvesteringane skal internasjonale standardar etablerte av OECD eller andre relevante internasjonale organisasjonar vurderast.

arbeidet har venta på avklaringar gjennom endringar i rammeverket for SPU.

Noregs Bank har begynt på tilpassingane til oppdatert mandat for SPU⁵¹ og nye retningslinjer for observasjon og utelukkning av selskap i forvaltninga. Retningslinjene gjeld for Etikkrådet og Noregs Bank, som høvesvis skal gi råd og treffe avgjerder etter fastsette kriterium. Endringane tok til å gjelde 1. januar 2015. Etikkrådet blir vidareført under Finansdepartementet og oppnemnt etter innstilling frå Noregs Bank. Hovudstyret har fastsett prinsipp for innstillingane sine. Det er gitt ei innstilling til Finansdepartementet, som har oppnemnt nye medlemmer frå 2015.

Hovudstyret har oppretta eit underutval, eigarskapsutvalet, som skal behandle saker om utestenging og gi råd til hovudstyret. Visesentralbanksjefen leier utvalet, som vidare har to medlemmer som blir valde blant dei eksterne medlemmene og varamedlemmene i hovudstyret. NBIM har òg etablert eit rådgivande utval som er sett saman av internasjonale ekspertar på området. Vidare er avdelinga i NBIM som følgjer opp eigarskapsutøving i aksjeforvaltninga, utvida.

Rapportering om ansvarleg forvaltingsverksemd blir omtalt i årsrapport om Statens pensjonsfond utland. For 2014 har Noregs Bank i tillegg gitt ut ein særskild offentlig rapport om ansvarleg forvaltingsverksemd, og den blir omtalt under overskrifta «Samfunnsansvar» i årsmeldinga til hovudstyret for 2014, jf. kapittel 6 seinare i rapporten. Representantskapet merkjer seg at det er ei betring i rapporteringa om ansvarleg forvaltingsverksemd. Det er positivt at Noregs Bank i NBIM-strategien tek sikte på å føre an globalt som ein ansvarleg investor og legg vekt på å bidra til å utvikle internasjonale standardar. Vidare er det sett i gang eit arbeid for å utforme hovudstyret sine prinsipp for ansvarleg forvaltning. Representantskapet vil framleis halde seg orientert om dette arbeidet.

EKSTERNE FORVALTARAR

NBIM har avtalar med om lag 70 eksterne forvaltarar. Som ein del av det løpande tilsynet har tilsynssekretariatet saman med ekstern revisor gjennomført besøk hos to forvaltarar i India. I møta blei det særleg orientert om verksemdenes forretningsmodell, organisasjon og etablerte prosedyrar, som skal sikre at forvaltninga skjer i samsvar med det avtalte forvaltarmandatet. Forvaltarane gjorde greie for oppfølging frå indiske tilsynsmyndigheiter. Det blei òg orientert om utfordringar med omsyn til transparens og korrupsjonspåstandar i kapitalmarknaden og oppfølging av miljø- og samfunnsforhold.

Desse to forvaltarane er relativt små verksemdar med mindre formelle kontrollstrukturar. Inntrykket er at NBIM har tett oppfølging gjennom analysar av resultat og risiko, skriftleg rapportering og møte. Den mottekne informasjonen hos forvaltarane og vurderingane av oppfølginga til NBIM førte ikkje til nokon vesentlege oppfølgingspunkt i tilsynet.

Representantskapet blir orientert på eit overordna nivå om ekstern forvaltning gjennom den regelmessige rapporteringa om resultat, særskilde risikoforhold og kostnader.


INVESTERINGAR I UNOTERTE SELSKAP

Mandatet for aksjeforvaltninga i SPU er avgrensa til at investeringar skal gjerast i børsnoterte selskap. Det er likevel opna for å investere i unoterte selskap som er i ein prosess for å bli børsnoterte, såkalla pre-IPO⁵². I 2012 investerte NBIM i det unoterte selskapet Delta Topco Limited (Formel 1). Men børsnoteringa blei utsett og er så langt ikkje gjennomført.

Det er rapportert om investeringa i kvartalsrapportar og i årsrapportane til Noregs Bank, første gong i 2012. Som tilsynsorgan har representantskapet inga rolle i avgjerdsprosessane, men har gjennom den ordinære interne og eksterne rapporteringa vore orientert om investeringa.

51 Endringar i mandatet er det Finansdepartementet som har gjennomført, basert på Meld. St. 19 (2013–2014).

52 Initial Public Offering, foreløpig offentlig aksjeteikning, er ei ny utferding av verdipapir og det første tilbodet om sal av aksjar til det offentlege med mål om å børsnotere selskapet.



Biletet viser eideomsinvesteringane til Noregs Bank i området rundt Regent Street i London.

Med bakgrunn i stor offentlig merksemd i 2014⁵³ om i kva grad investeringa var lovleg, bad representantskapet om ei orientering frå hovudstyret. Hovudstyret la fram ei utgreiing om risikoforhold, avgjerdsprosess og styringsrammeverk knytt til slike investeringar og konstaterte at investeringa var gjord i tråd med forvaltingsmandatet på investeringsstidspunktet.⁵⁴ Representantskapet tok utgreiinga til orientering.

Vidare har tilsynssekretariatet gjort ei uavhengig vurdering av om investeringa var innanfor mandatet, og om prosessen rundt NBIM si vurdering av mandatoppfølginga var tilfredsstillande. Advokatfirmaet Thommessen AS og Deloitte AS bidrog i dette arbeidet. Representantskapet tok til etterretning at det også her blei konkludert med at investeringa var i samsvar med mandatet på investeringsstidspunktet.

STYRING AV OG KONTROLL MED OMDØMMERISIKO I FORVALTINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Det er høge forventingar til SPU-forvaltninga til Noregs Bank. Regjeringa sin klare ambisjon, mellom anna i statsbudsjettet for 2015, er at Statens pensjonsfond «skal være verdens best forvaltede fond.» Det inneber «at en skal søke å identifisere ledende praksis internasjonalt i alle deler av forvaltningen og strekke seg mot dette.» Vidare er det i ei tidlegare melding til Stortinget⁵⁵ peikt på at ei god og langsiktig forvaltning av Statens pensjonsfond føreset brei opplutnad om og tillit til måten fondet blir forvalta på.

Mandatet for forvaltninga gir uttrykk for at ein skal prøve å oppnå høgast mogleg avkastning over tid innanfor eit

⁵³ Noregs Bank orienterte mellom anna om investeringa i Stortingets finanskomiteé ved behandlinga av rapporteringa om Statens pensjonsfond 2013.

⁵⁴ Mandatet for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland av 8. november 2010 gjaldt då investeringa skjedde. Relevante føresegner var regulerte i § 3-6. «(1) Banken kan plassere porteføljen i finansielle instrumenter og kontantinskudd som er godkjent i henhold til § 5-10, men begrenset til:

- omsettelige obligasjonar og andre omsettelige gjeldsinstrumenter (...)
- aksjer notert på regulert og anerkjent markeds plass, noterte verdipapirer som kan sidestilles med noterte aksjer (...)
- verdipapirer som nevnt i bokstav b i unoterte selskaper hvor styret har uttrykt en intensjon om å søke notering på regulert og anerkjent markeds plass».

⁵⁵ Meld. St. 15 (2010–2011) Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2010

moderat risikonivå. Det blir stilt krav til risikostyring, rapportering og ansvarleg forvaltingspraksis, men det blir ikkje stilt eksplisitte krav knytte til handtering av risiko for omdømmesvikt. Hovudstyret har ansvaret for å etablere eit styringssystem som varetek krav og forventingar til SPU-forvaltninga. Representantskapet meiner det er sentralt at dette styringssystemet også bidreg til å sikre det positive omdømmet til Noregs Bank og fondet.

I tråd med tilsynsplanen for 2014 gjekk ein gjennom korleis Noregs Bank styrer og kontrollerer omdømmerisiko i SPU-forvaltninga. Gjennomgangen omfatta det generelle styringsrammeverket og prosessar som investering i unoterte selskap, egedomsinvesteringar, utviding av investeringsuniverset og val av ekstern forvaltar.

Det er i liten grad etablerte standardar på dette området, og praksisen varierer. Ved etablering av vurderingskriterium og måling mot beste praksis i gjennomgangen blei det nytta rådgivingsressursar frå Deloitte internasjonalt.


Gjennomgangen stadfesta at hovudstyret legg stor vekt på at Noregs Bank har eit godt omdømme og tillit blant folk i Noreg, det politiske miljøet og andre interessentar. Det er fastsett overordna prinsipp og toleransegrenser for styring av og kontroll med omdømmerisiko i SPU-forvaltninga. NBIM har etablert prosedyrar for å vurdere risikoen for tap av omdømme på ulike måtar. Prosedyrane er følgde i investeringsprosessane som er gjennomgått.

Rapporten frå gjennomgangen gir ei tilråding om at hovudstyret bør vurdere om rammeverket for styring av og kontroll med omdømmerisiko kan tydeleggjerast og utviklast vidare. Representantskapet slutta seg til vurderingane i tilsynsrapporten og vil følgje utviklinga av dette viktige risikoområdet for Noregs Bank. Hovudstyret har stadfesta at tilrådingane i rapporten vil bli vurderte i det vidare arbeidet med å følgje opp forvaltninga.

EIGEDOMSFORVALTINGA

Ifølgje forvaltingsmandatet kan Noregs Bank investere inntil 5 prosent av fondsverdien i SPU i egedom. Noregs Bank har gjort mange nye egedomsinvesteringar det siste året. I fjerde kvartal blei elleve børsnoterte egedomsselskap overførte frå aksjeporteføljen til egedomsporføljen. Ved utgangen av 2014 er egedomsporføljen verdsett til

FIGUR 9 STYRING AV DOTTERSELSKAP OG HOLDINGSELSKAP



140,9 milliardar kroner, eller 2,2 prosent av SPU. Egedomsinvesteringane er eigde og blir drifta gjennom ein struktur av selskap som Noregs Bank eig åleine eller saman med partnarar, jf. nærmare omtale seinare i rapporten.

Tilsynssekretariatet har regelmessige møte med NBIM og blir informert om nye transaksjonar, oppfølgingsprosedurar, hendingar og utvikling av organisasjonen i egedomsforvaltninga. Vidare er det gjennomført eit møte med ein av egedomspartnarane i USA, der også ekstern revisor deltok. Partnarens forretningsmodell, organisasjon og etablerte styrings- og kontrollmekanisamar blei gjennomgått. Vidare blei det gitt ei utgreiing om juridiske og regulatoriske forhold ved amerikanske egedomsinvesteringar. Partnaren er underlagd tilsyn frå den amerikanske sentralbanken og børsen for delar av verksemda si.

Representantskapet har erfart at NBIM har etablert ei tett oppfølging av egedomsporteføljen i samarbeid med egedomspartnarane. Representantskapet blir halde orientert om utviklinga i egedomsforvaltninga gjennom den kvartalsvise rapporteringa.

RAMMEVERK FOR Å OPPRETTE DOTTERSELSKAP I FORVALTINGA AV EGEDOMSINVESTERINGAR ETTER SENTRALBANKLOVA § 8A

Med bakgrunn i ein tilsynsgjennomgang i 2013 har representantskapet vidareutvikla retningslinjene for oppretting av og tilsyn med selskap som Noregs Bank eig. Det er lagt vekt på at representantskapet skal sikrast reelle og effektive høve til tilsyn. Utgangspunktet er føresegna i sentralbanklova § 8a om at representantskapet fører tilsyn med selskap som banken heilt eller delvis eig, og som utøver forretningsmessig verksemd. Representantskapet er tillagt vedtaksmyndigheit når det gjeld oppretting av slike selskap. Bakgrunnen for dette er at ein vil sørge for at det ikkje blir oppretta slike selskap utan at representantskapet får høve til å gjennomføre tilsyn og kontroll.

Noregs Bank har etablert ein ny struktur for dotterselskapa i egedomsforvaltninga der det blir skilt mellom operative selskap med tilsette som varetek støttefunksjonar, og holdingselskap som varetek eigarskapet i egedommar, jf. figur 9. Dei operative dotterselskapa har verksemd som krev at opprettinga blir lagd fram for representantskapet til godkjenning etter sentralbanklova § 8a. Hovudstyret har

oppdatert prinsippa for etablering og erverv av dotterselskap knytte til egedomsinvesteringar i SPU. Eit viktig element er auka rapportering til dei styrande organa om egedomsinvesteringane til fondet.

Ved utgangen av 2014 er dotterselskapet NBIM S.à r.l. i Luxembourg oppretta etter sentralbanklova § 8a. Vidare har representantskapet godkjent at det kan utøvast verksemd knytt til egedomsinvesteringane i ytterlegare tre regionale operative selskap som blir oppretta i London, New York og Singapore.

Representantskapet meiner at den nye strukturen bidreg til å gjere skiljet mellom drift og investeringsverksemd tydeleg, og sikrar ivaretakinga av tilsynsansvaret og myndigheita etter sentralbanklova § 8a.

REVISJON I DOTTERSELSKAP

Som hovudprinsipp har representantskapet fastsett at den eksterne revisoren til Noregs Bank òg skal veljast som revisor i dotterselskap og tilslutta verksemd der Noregs Bank har vesentleg innverknad. Den lovbestemte revisjonsplikta varierer mellom ulike land og er ofte knytt til selskapsform og storleiken på selskapet. Selskap som eig egedommar og selskap med lovbestemt revisjonsplikt, skal alltid reviderast. Det same vil normalt gjelde for selskap med verksemd som fell inn under sentralbanklova § 8a om egne føretak.

Representantskapet har vurdert revisjonsmodellen for andre dotterselskap. Formålet har vore å effektivisere rekneskapsutarbeidinga og revisjonen. Modellen blir gjort gjeldande for selskap i USA med verknad for rekneskapsåret 2014 og for andre selskap i 2015. Ved revisorval i dotterselskap er det etablert dialog mellom Noregs Bank og tilsynssekretariatet.



KAPITTEL 6

BUDSJETTET OG REKNESKAPEN TIL NOREGS BANK

Etter sentralbanklova⁵⁶ skal hovudstyret kvart år utarbeide forslag til budsjett for det kommande driftsåret. Representantskapet skal vedta budsjettet og gjere det kjent for Finansdepartementet. Hovudstyret skal vidare utarbeide årsmelding og årsrekneskap. Representantskapet fastset årsrekneskapen. Årsmeldinga, den reviderte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og representantskapsvedtaket om fastsetjing av årsrekneskapen blir i tråd med lova sende til Finansdepartementet, som legg dei fram for Kongen og gjer dei kjende for Stortinget.

BUDSJETT- OG REKNESKAPSPROSESSAR

BUDSJETTREGLEMENT OG PROSESS FOR BUDSJETTBEHANDLING

Representantskapet har fastsett budsjettreglementet for Noregs Bank, og hovudstyret har fastsett det utfyllande økonomireglementet. I budsjettbehandlinga ser representantskapet til at det er forsvarlege økonomiske rammes for å vareta oppgåvene og drifta i Noregs Bank. Budsjettvedtaket omfattar driftsinntekter, driftskostnader og investeringar for dei to verksemdsområda. Vedtaket byggjer på framlagde estimat, føresetnader og usikre faktorar frå hovudstyret.

Kapitalinntekter frå oppgåvene til Noregs Bank innanfor sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga blir ikkje budsjetterte. Denne kapitalavkastninga vil vere hefta med betydeleg utryggeleik på grunn av utvikling i valutakursane og investeringsmarknadene. Avkastninga frå kapitalforvaltninga utanom SPU har dei seinare åra svinga mellom –6,7 milliardar kroner i 2009 og 90,2 milliardar kroner i 2014. For Noregs Bank er det ingen risiko knytt til SPU-avkastninga, for heile denne avkastninga fell på staten.

Representantskapet gjer særskild vedtak knytte til framlegg om investeringar og aktivitetar som strekkjer seg over fleire år. Ein kan gi godkjenning til å dekkje midlar for heile den planlagde perioden fram til investeringa eller aktiviteten endeleg er gjennomført.

Finansdepartementet godtgjer dei faktiske kostnadene til Noregs Bank ved å forvalte investeringsporteføljen i SPU

innanfor ei årleg fastsett ramme for forvaltingskostnader. Departementet fastset ramma for forvaltingskostnadene som del av den forvalta kapitalen. Ein del av honoraret til eksterne forvaltarar som følgjer av den oppnådde meiravkastninga, blir dekt utanfor den fastsette ramma for forvaltingskostnader.

Det gjeldande budsjettreglementet for Noregs Bank har vore verksamt frå og med budsjettåret 2013. Representantskapet behandla i 2014 ei evaluering av reglementet som tilsynssekretariatet gjennomførte i samarbeid med Deloitte AS. Bakgrunnen for evalueringa var drøftingar i representantskapet og Noregs Bank sine erfaringar frå prosessar ved utarbeiding av budsjettframlegg. Evalueringa omfatta kor formålstenleg budsjettreglementet er for budsjettbehandlinga til representantskapet og tilsynet med ressursbruken i Noregs Bank.

Evalueringa viste at budsjettdokumenta og rapportane om resultatet og ressursbruken frå hovudstyret til representantskapet kan tilpassast betre til representantskapet sine behov. I rapporten blei det gitt konkrete tilrådingar til endringar i budsjettreglementet. Desse var særleg knytte til utryggeleiksfaktorar med bakgrunn i at vesentlege kostnader blir rekna for å vere vare for endringar i valutakursar, prisar og volum. Vidare blir det foreslått endringar i framlegg til investeringsbudsjett. Kostnader i dotterselskap knytte til eigedomsinvesteringar i SPU var drøfta særskilt.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i evalueringa. Eit forslag til justert budsjettreglement vil bli behandla våren 2015. Med utgangspunkt i endringar i budsjettreglementet vil det vere behov for at hovudstyret evaluerer rammeverket for økonomistyring.


PROSESS FOR ÅRSREKNESKAP OG ANNA REKNESKAPSRAPPORTERING

Hovudstyret utarbeider årsmelding og årsrekneskap for Noregs Bank der også rekneskapsrapporteringa om SPU-forvaltninga inngår. Hovudstyret skal vedta forslag til årsrekneskap og årsmelding seinast tre månader etter at rekneskapsåret er slutt. Saman med representantskapet si fastsetjing av årsrekneskap blir årsmeldinga til hovudstyret teken til etterretning. Samtidig blir revisjonsmeldingar frå ekstern revisor til årsrekneskapen til Noregs Bank og årsrekneskapen for SPU behandla.

⁵⁶ Sentralbanklova §§ 29 og 30

TABELL 3 HOVUDLINJER FRÅ BALANSEN TIL NOREGS BANK PER 31.12.2014

BELØP I HEILE MILLIONAR KRONER	2014	2013
Finansielle egedelar	511 503	377 564
Plasseringar for SPU	6 427 537	5 034 846
Andre ikkje-finansielle egedelar	2 204	2 080
Sum egedelar	6 941 244	5 414 490
Innskot frå bankar o.a.	77 800	74 672
Innskot frå statskassa	115 632	89 464
Setlar og myntar i omløp	53 016	54 060
Anna gjeld	61 783	34 751
Innskot kronekonto for SPU	6 427 537	5 034 846
Sum gjeld	6 735 768	5 287 793
Eigenkapital	205 476	126 697
Sum gjeld og eigenkapital	6 941 244	5 414 490

FIGUR 10 AKKUMULERT ENDRING I MARKNADSVÄRDEN FOR SPU 1998–2014

Utarbeiding og avlegging av årsrekneskapan og årsmeldinga til hovudstyret følger rekneskapslova sine reglar for store føretak og forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank.⁵⁷ Vidare er det regulert at rekneskapsrapporteringa skal utarbeidast i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar.⁵⁸

Offentlege kvartals- og årsrapportar om forvaltninga av investeringsporteføljen i SPU skal følgje rammeverket i mandatet for forvaltninga. Ved utarbeidinga skal det leggjast til grunn at det skal vere størst mogleg openheit om forvaltninga innanfor dei rammene som ei forsvarleg gjennomføring av forvaltingsoppdraget set.⁵⁹

Noregs Bank er svært open om verksemda og dei oppnådde resultatane. Årsmeldingar, årsrekneskapan og kvartalsrapportar om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland og valutareservane blir publiserte på heimesidene til banken. Vidare blir månadsbalansar offentleggjorde, men dei blir ikkje behandla av hovudstyret og representantskapet.

Rekneskapslova sine krav til utgreiing om samfunnsansvar gjeld for Noregs Bank. Med bakgrunn i samfunnets interesse for verksemda har representantskapet framheva kor viktig det er at hovudstyret er svært merksam på rapportering på dette området. Årsmeldinga til hovudstyret for 2014 omfattar ei oversikt over korleis Noregs Bank varetek samfunnsansvaret sitt, og Deloitte AS har i revisjonsrapporten stadfesta at beskrivinga møter lovkrava til innhald.

ÅRSREKNEKAPEN TIL NOREGS BANK FOR 2014

Årsmeldinga og rekneskapan til Noregs Bank og rekneskapsrapporteringa om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland for 2014 blei behandla i representantskapsmøtet 12. mars 2015. Representantskapet fastsette årsrekneskapan og disponeringa av totalresultatet for 2014 i tråd med forslaget frå hovudstyret. Revisormeldingar frå Deloitte AS er gitt utan merknader, og representantskapet har teke dei til etterretning. Ein revisjonsrapport knytt til revisjonen av årsrekneskapan for 2014 er òg behandla.

Noregs Banks årsrekneskap for 2014 viser eit samla overskot på 89 198 millionar kroner i 2014 (53 359 millionar kroner i 2013). Resultatet i 2014 består i hovudsak av inntekter frå finansielle instrument knytte til valutareservane og valutakursendingar. Netto avkasting i internasjonal valuta på aksjar og langsiktige renteinvesteringar var 31,5 milliardar kroner. Svekt kronekurs gav i tillegg ein verdiauke av valutareservane på 58,7 milliardar kroner. Driftsresultatet for 2014 og representantskapet si oppfølging av ressursbruken er omtalt seinare i rapporten.

Balansen til Noregs Bank ved utløpet av 2014 var på 6 941 milliardar kroner, jf. tabell 3.


Verdien av kroneinntaket for Statens pensjonsfond utland var på 6 427 milliardar kroner ved utgangen av 2014. Figur 10 viser akkumulert endring i marknadsværdien frå 1998 til 2014. Auken i 2014 var på 1 393 milliardar kroner og er sett saman av tilførsel frå staten på 147 milliardar kroner, valutakursgevinst på 702 milliardar kroner og avkasting på porteføljen på 544 milliardar kroner før valutajusteringar (691,5 milliardar kroner i 2013). Avkastinga var på 7,6 prosent, 0,8 prosentpoeng lågare enn referanseindeksane som SPU blir målt mot. Resultatet av forvaltninga påverkar ikkje resultatet og eigenkapitalen til sentralbanken, men blir rekneskapsført direkte på kronekontoen for SPU.

Eigenkapitalen til Noregs Bank per 31. desember 2014 var 205,5 milliardar kroner, mot 126,7 milliardar kroner per 31. desember 2013. Eigenkapitalen består av kursreguleringsfond og overføringsfond. Ved utgangen av 2014 var kursreguleringsfondet 184,6 milliardar kroner og

⁵⁷ Fastsett av Finansdepartementet med verknad for rekneskapsår som begynner etter 31.12.2010

⁵⁸ International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsett av EU

⁵⁹ Mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, kapittel 6 Offentlig rapportering

FIGUR 11 BALANSEN TIL NOREGS BANK EKSKLUSIV SPU PER 31. DESEMBER 2014

overføringsfondet 20,8 milliardar kroner etter ei avsetjing på 10,4 milliardar som blir overført til statskassa.

Etter sentralbanklova § 30 gir Kongen retningslinjer for avsetjingar og disponering av bankoverskot.⁶⁰ Stortinget må godkjenne vedtak om overføring frå Noregs Bank til staten. Overføring til statskassa skjedde sist i 2001.

Balansen er sett saman av verdiar i sentralbankverksemda og midlar i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland. Balansen til sentralbankverksemda eksklusiv SPU er vist i figur 11. Sum egedelar per 31. desember 2014 var på 513,7 milliardar kroner, ein auke på 134,1 milliardar kroner frå 2013.

Representantskapet har gjort følgjande vedtak om rekneskapen for 2014:

- Representantskapet tek årsmeldinga til hovudstyret for 2014 til etterretning.
- Representantskapet tek revisormeldinga til etterretning og fastset årsrekneskapen til Noregs Bank for 2014.
- I tråd med retningslinjene blir totalresultatet på 89,2 milliardar kroner overført med 57,9 milliardar kroner til kursreguleringsfondet og 31,3 milliardar kroner til overføringsfondet.
- Frå overføringsfondet blir det overført ein tredjedel, 10,4 milliardar kroner, til statskassa.

⁶⁰ Retningslinjer avgjorde i statsråd 7. februar 1986, sist endra i kgl.res. 6. desember 2002. Gjeldande reglar for disponering av overskotet:

- Kursreguleringsfondet
 - Overskotet blir avsett til kursreguleringsfondet dersom fondet er mindre enn 40 prosent av netto valutareservar pluss 5 prosent innanlandske verdipapir
- Overføringsfondet
 - Eit eventuelt overskytande overskot blir avsett til overføringsfondet
 - Ein tredjedel av det innestående i overføringsfondet skal overførast til staten ved årsoppgjeret.

OPPFØLGING AV RESSURSBRUKEN I 2014

Budsjettet for drifta av Noregs Bank i 2014 blei vedteke av representantskapet 19. desember 2013 med netto driftskostnader på 842 millionar kroner. Det blei òg budsjettert med investeringar for 339 millionar kroner. Seinare i 2014 er det godkjent tilleggsøyvingar for investeringar i tre ulike prosjekt på til saman 90 millionar kroner. Ressursbruken blir omtalt i årsmeldinga og årsrekneskapen til Noregs Bank for 2014.

Representantskapet har følgd opp ressursbruken til Noregs Bank gjennom behandling av halvårlege verksemdsrapportar og internrekneskap. Dei samla netto driftskostnadene i 2014 var på 720 millionar kroner, som er vesentleg lågare enn budsjettet. Ei viktig årsak til det lågare forbruket var lågare pensjonskostnader på grunn av endring i berekningsprinsippa for pliktene i offentlege pensjonsordningar. Ei svakare norsk krone auka isolert sett driftskostnadene i NBIM med så mykje som 330 millionar kroner samanlikna med budsjettet for 2014, mens netto driftskostnader var lågare.

Kostnaden med SPU-forvaltninga utgjorde 3 296 millionar kroner. Finansdepartementet fastsette ei øvre ramme for godtgjering i 2014 med inntil 9 basispunkt (0,09 prosent) av det gjennomsnittlege beløpet under forvaltning for avkastingsavhengige honorar til eksterne forvaltarar. Fråtrekt dei avkastingsavhengige honorara på 649 millionar kroner gjekk kostnadene som ein del av SPU ned frå 5,0 basispunkt i 2013 til 4,7 basispunkt i 2014. Kostnadene i 2014 er godtgjorde av Finansdepartementet.

Ved utløpet av året var det 755 tilsette i Noregs Bank, mot 693 ved utgangen av 2013.⁶¹ Av desse er 327 (323) tilsette i sentralbankverksemda og 428 (370) i NBIM.

Representantskapet er nøgd med at hovudstyret har styrt ressursbruken i 2014 innanfor budsjettreglementet for Noregs Bank og det vedtekte budsjettet. Det blir konstatert at kostnadene til SPU-forvaltninga er godt innanfor ramma til Finansdepartementet.

⁶¹ Dei tilsette i tilsynssekretariatet inngår ikkje i desse tala. Når det gjeld ressursbruken til representantskapet, viser vi til eigen omtale tidlegare i rapporten.



1. Hovedsædet i Kristiania (

a. **Direktører.**

ktionens fast beskikkede Formand, teg
n-chef)

BUDSJETTVEDTAKET TIL REPRESENTANTSKAPET FOR 2015

Representantskapet vedtok 11. desember 2014 Noregs Bank sitt budsjett for 2015 etter framlegg frå hovudstyret. Dei samla netto driftskostnadene er estimerte til 4 901 millionar kroner, og det er godkjent budsjetterte driftskostnader på 894 millionar kroner. Dei samla investeringane i 2015 er godkjende med 411 millionar kroner.

Dei budsjetterte kostnadene til SPU-forvaltinga utgjer 3 882 millionar kroner i 2015. Finansdepartementet har bestemt seg for å vidareføre ramma for godtgjering av kostnadene til Noregs Bank til forvaltinga på inntil 9 basispunkt av den gjennomsnittlege forvalta kapitalen. Budsjettet viser ein liten auke samanlikna med kostnadene for 2014, men ligg godt innanfor denne ramma.

Representantskapet tok samtidig driftsbudsjettet for dotterselskapa, som for 2015 viste 103 millionar kroner, til orientering.

Det vedtekne budsjettet for representantskapet, tilsynssekretariatet og ekstern revisor i 2015 utgjer totalt 43,2 millionar kroner. Det er ein auke på 8,3 millionar kroner samanlikna med dei faktiske kostnadene i 2014 og blir forklart med auka bemanning og bruk av eksterne rådgivingsressursar i Noreg og internasjonalt.

KAPITTEL 7

VURDERING AV HOVUDSTYRETS STYRING OG KONTROLL

I tråd med sentralbanklova § 5 avgir representantskapet «... uttalelse om hovedstyrets protokoller, tilsynet med banken og saker som det forelegges av hovedstyret».

Representantskapet har gått igjennom alle protokollane for hovudstyret sine møte i 2014. Behandlinga er eit viktig grunnlag for tilsynet til representantskapet og gir oversikt over saksomfanget til hovudstyret og vedtak i enkeltsaker. Representantskapet har ikkje protokollført særskilde merknader til protokollane til hovudstyret.

Om lag 45 prosent av sakene som hovudstyret har behandla, er sende til representantskapet. I tillegg har representantskapet behandla rapportar frå tilsynssekretariatet og Deloitte AS om hovudstyrets styring og kontroll. Sentralbanksjefen har vore til stades i representantskapsmøta. Han har svart på alle spørsmål og gitt tilleggsinformasjon. Det er gitt utdypande utgreiingar knytte til sakene og protokollane til hovudstyret. Representantskapet har fått alle opplysningar det har bedt om.

Representantskapet konstaterer at hovudstyret regelmessig oppdaterer styringsrammeverket og følgjer opp rapportar om verksemdstyring, operasjonell risiko og internkontroll. Det er rapportert om ulike problemstillingar og risikoreduserande tiltak på enkelte område gjennom året. Hovudstyret og verksemdsområda arbeider kontinuerleg med å evaluere og styrkje styrings- og kontrollrammeverket.

Representantskapet følgjer jamleg opp SPU-forvaltinga. Merksemda har vore spesielt retta mot etterleving av lov, mandat og retningslinjer frå Finansdepartementet. Viktigheita av særskild oppfølging frå hovudstyret er framheva under drøftingar av enkelte saker frå hovudstyret og tilsynsgjennomgangar. I 2014 har dette mellom anna vore knytt til risikoforhold, avgjerdsprosessar og styringsrammeverk for investeringar i unoterte selskap. Det har vore ein konstruktiv dialog med hovudstyret for å etablere eit rammeverk for kontroll og tilsyn med eigeomsforvaltinga.

Hovudstyret og verksemdsområda følgjer på ein systematisk måte opp vedtak og oppmodingar frå representantskapsbehandlinga av tilsyns- og revisjonsrapportar og saker frå hovudstyret. Tidlegare tilrådingar knytte til etablering av dotterselskap og skattestyling er følgde opp. Det er svært viktig at representantskapet blir halde løpande oppdatert om tiltak, og at det blir involvert godt nok.

Hovudstyret si årlege samla vurdering av internkontrollen og risikosituasjonen er lagd fram for representantskapet. Verksemda er utøvd i samsvar med sentralbanklova, mandat for SPU-forvaltinga og forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank. Gjennom tilsynet med drift og etterleving av reglane for verksemda er det ikkje avdekt forhold som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova. Representantskapet meiner at hovudstyret har utøvd tilfredsstillande styring av og kontroll med Noregs Bank i 2014. Representantskapet har teke hovudstyret si vurdering av internkontrollen og risikoeksponeringa til etterretning og bedt om å bli halde orientert om korleis risikoreduserande tiltak blir følgde opp.

KAPITTEL 8

PRIORITERINGAR I DET VIDARE TILSYNSARBEIDET

Representantskapet arbeider i tråd med eigen strategi fastsett for perioden 2013–2015.⁶² I 2015 vil det bli arbeid med strategi for ein ny treårsperiode. Grunnlaget for denne vil mellom anna vere eignevalueringa til representantskapet og utviklinga i verksemda til Noregs Bank. Vidare utvikling av tilsynssekretariatet og effektiv utnytting av ekstern spisskompetanse, særleg innanfor tilsynet med kapitalforvaltninga, er svært viktig for arbeidet til representantskapet.

I den nye strategien for Noregs Bank legg hovudstyret vekt på å vere ein open og veldriven sentralbank med nøktern og forsvarleg ressursbruk. Arbeidet med å fornye og vidareutvikle kjerneoppgåvene blir vidareført. Noregs Bank skal gjennom forvaltninga av Statens pensjonsfond utland bidra til å sikre verdier for framtidige generasjonar. Representantskapet følgjer nøye med på korleis hovudstyret gjennomfører strategien og følgjer opp styringsrammeverket og dei årlege handlingsplanane. Det blir lagt særleg vekt på risikostyring og risikoreduserande tiltak, oppfølging av vesentlege hendingar og internkontroll.

Representantskapet har vedteke ein tilsynsplan for 2015 som beskriv prioriterte tema. Utviklinga i rammevilkår og oppgåver for Noregs Bank, inkludert oppfølging av meldingar til Stortinget om SPU⁶³ og mandatendringar, er sentralt for tilsynet. Oppbygging av egedomsinvesteringar i SPU med nye etableringar av dotterselskap og utvikling av organisasjonen til NBIM vil framleis ha høg prioritet. Representantskapet følgjer nøye med på hovudstyret sitt arbeid med tryggleik og beredskap, trygge IKT-løysingar og bruk av eksterne leverandørar.

Nye retningslinjer for observasjon og utestenging frå SPU tok til å gjelde 1. januar 2015. I samband med overføring av avgjerdsmyndigheita for uttrekk til Noregs Bank vil tilsynsrolla til representantskapet bli utgreidd. Hovudstyret sine prosessar for å følgje opp innstillingar frå Etikkrådet vil bli vurderte. Ein tilsyns- og revisjonsmodell for egedomsområdet, inkludert dotterselskap, skal òg utgreiast.

På utvalde risikoområde blir det planlagt tilsynsgjennomgangar, og det vil bli nytta relevant ekstern spisskompetanse. Prioriterte tema for vurderingar er overordna verksemdsstyring, styring av utkontrakterte oppgåver, handtering av risiko for kvitvasking og korrupsjon, landrisiko ved investeringar og tryggleik i oppgjerssystemet til Noregs Bank. Det vil bli gjennomført eit attestasjonsoppdrag om rammeverket for unoterte investeringar.

Representantskapet sitt budsjettreglement for Noregs Bank vil bli revidert med utgangspunkt i evalueringar og tilrådingar i ein rapport i 2014.

Engasjementsavtalen med ekstern revisor Deloitte AS gjeld til og med rekneskaps- og revisjonsåret 2015. Representantskapet vil i 2015 gjennomføre ein prosess for å velje ekstern revisor for Noregs Bank for ein periode på inntil seks år.

⁶² Utdrag frå strategien blei presenterte i representantskapsrapporten til Stortinget for 2013, figur 1.

⁶³ Mellom anna Meld. St. 19 (2013–2014), kapittel 5 Videreutvikling av rammeverket for forvaltninga av Statens pensjonsfond

VEDLEGG

REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK 2014–2015

REPRESENTANTSKAPET

Faste medlemmer	Oppnemnd første gong	Gjeldande funksjonstid	Varamedlemmer
Reidar Sandal, leiar	2010	(2014–2017)	Tore Nordtun
André Støylen, nestleiar	2014	(2014–2015)	Lars Tvette
Tormod Andreassen	2008	(2012–2015)	Beate Bø Nilsen
Vidar Bjørnstad	2012	(2012–2015)	Hans Kolstad
Eva Karin Gråberg	2004	(2012–2015)	Rita Lekang
Runbjørg Bremset Hansen	2004	(2012–2015)	Camilla Bakken Øvald
Toril Hovdenak	2014	(2014–2017)	Hans Aasnæs
Peter Meidell	2014	(2014–2017)	Brage Baklien
Iver Nordseth	2014	(2014–2017)	Hanne Nora Nilssen
Morten Lund	2010	(2012–2015)	Torunn Hovde Kaasa
Frank Sve	2006	(2014–2017)	Tone T. Johansen
Synnøve Søndergaard	2010	(2014–2017)	Hilde Brørby Fivelsdal
Ingebrigt S. Sørffonn	2012	(2012–2015)	Solveig Ege Tengesdal
Paul Birger Torgnes	2014	(2014–2017)	Arne Stapnes
Randi Øverland	2012	(2012–2015)	Anne Grethe Tevik

Den faste komité

Reidar Sandal, leiar	Morten Lund
André Støylen, nestleiar	Iver Nordseth
Toril Hovdenak	Tormod Andreassen
Frank Sve	Peter Meidell
Synnøve Søndergaard	Eva Karin Gråberg

PRESENTASJON AV MEDLEMMENE I REPRESENTANTSKAPET



Reidar Sandal

Styreleiar i Fjord1 AS og i Sunnfjord Næringsutvikling AS.
Cand.philol. frå Universitetet i Bergen.
Tidlegare erfaring m.a. som statsråd i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, stortingsrepresentant og leiar av Stortingets finanskomiteé, fylkestingsrepresentant, lektor, fylkesdirektør i Sogn og Fjordane fylkeskommune, dagleg leiar i Sunnfjord Næringsråd, leiar i hovudstyret i Innovasjon Noreg, styreleiar i Nynorsk kultursentrum og styremedlem i Investinor AS.



André Støylen

Adm.dir. i Sparebankstiftelsen DNB.
Siviløkonom frå Handelshøyskolen BI.
Tidlegare erfaring m.a. som økonomidirektør i Norges Røde Kors, finansbyråd i Oslo, statssekretær i Miljøverndepartementet, konsulent i McKinsey & Company, styreleiar i LHL Helse og i Boligbygg Oslo KF og styremedlem i Nasjonalmuseet.



Tormod Andreassen

Styremedlem i Lærdal Finans AS, Civita, Sparebank1 Nord-Norges Pensjonskasse mfl.
Cand.oecon. frå Universitetet i Oslo.
Tidlegare erfaring m.a. som viseadm.dir. og sjeføkonom i Kreditkassen, investeringsdirektør og sjeføkonom i SpareBank 1 Gruppen, adm.dir. i Alfred Berg Norge AS og SR-fonds, byråsjef i Statistisk sentralbyrå, styreleiar i Berg Fondsförvaltning, styremedlem i Forretningsbankenes Sikringsfond og FNHs bransjestyre for livsforsikring og kapitalförvaltning.




Vidar Bjørnstad

Leiar i Internasjonal avdeling i Landsorganisasjonen i Noreg.
Cand.mag. frå Universitetet i Oslo.
Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant, politisk rådgivar i Bistandsdepartementet, nestleiar i ombodsmannsnemnda i Forsvaret, medlem av Europabevegelsens sentralstyre og personleg sekretær for LO-leiaren.



Eva Karin Gråberg

Avdelingsleiar ved Isfjorden oppvekstsenter. Nestleiar i styret i Troll-Tinn AS og leiar av representantskapet for Tøndergård skole og ressurscenter.
Cand.mag. frå Universitetet i Oslo.
Tidlegare erfaring m.a. som varaordførar, rektor, styremedlem i Nordmøre og Romsdal HF, styremedlem i Nordveggen AS, medlem av landsstyret i KS og landsstyremedlem i LVK.




Runbjørg Bremset Hansen

Lektor. Medlem av administrasjonsutvalet i Nærøy kommune.
Cand.philol. frå Universitetet i Trondheim.
Tidlegare erfaring m.a. som fylkestingsrepresentant, varaordførar, styremedlem i Helse Midt-Norge og medlem av landsdelsutvalet for Nord-Trøndelag og Nord-Noreg.
Forfattar av historieverket *Nærøyfolket*.




Toril Hovdenak

Dagleg leiar i Bussbygg AS. Styremedlem i Gjensidige Nordmøre og Romsdal og Høgskolen i Molde.
Siviløkonom frå Handelshøgskolen i Bodø.
Tidlegare erfaring m.a. som styreleiar i Molde kommunale pensjonskasse, varaordførar, styremedlem i Sparebanken Møre, nestleiar i styret i Helse Midt-Norge og styremedlem i Istad AS.




Peter Meidell

Arbeidande styreleiar i P. Meidell AS maskingrossistfirma. Juridisk rådgivar i Foreningen 2 Foreldre.
Siviløkonom (MBA) frå University of Wisconsin, Madison USA. Master i rettsvitenskap frå Universitetet i Oslo.




Iver Nordseth

Spesialkonsulent/næringsrådgivar. Fylkesutvalsmedlem og gruppeleiar i fylkestinget.
Styreleiar i Landssammenslutninga av norske vindkraftkommuner (LNVK), styreleiar i Nordmøre Næringsråd og styremedlem i KS Møre og Romsdal.
Cand.mag. frå Universitetet i Bergen og i Trondheim.
Tidlegare erfaring m.a. som ordførar, lærar og styremedlem i Nordmøre Energiverk.



Morten Lund


Cand.agric. frå Noregs landbrukshøgskole (NLH) og dr.scient. frå NLH/NTH.
Tidlegare erfaring m.a. som sjølvstendig næringsdrivande og gardbrukar, forskar ved NLH og Statens arbeidstilsyn, stortingsrepresentant og leiar av næringskomiteen, politisk rådgivar for Senterpartiets stortingsgruppe, fast motande varamedlem til Riksrevisorkollegiet, ordførar og leiar for Regionrådet Fosen og Rådet for Sør-Trøndelag Kraftselskap.



Frank Sve

Fylkesutvalsmedlem, fylkestingsmedlem og medlem i Vestlandsrådet. Formannskapsmedlem. Styreleiar i Åknes/Tafjord Beredskap IKS og leiar i Distriktsprogramrådet for NRK Møre og Romsdal.

Tidlegare erfaring m.a. som ordførar, driftsleiar i Møremøbler / Stokke produksjon, styremedlem i St. Olavs Hospital HF og styremedlem i Innovasjon Noreg Møre og Romsdal.




Synnøve Søndergaard

Distriktssekretær ved LOs distriktskontor i Troms, styremedlem i RDA II – programråd og styremedlem i Innovasjon Noreg Troms.

IT-utdanning frå Høgskolen i Østfold.


Tidlegare erfaring m.a. som førstekonsulent i Forsvarsbygg, ass. controller i Det Norske Veritas Rotterdam, fylkesråd i Troms og styremedlem i INKO.



Ingebrigt S. Sørfonn

Sjølvtstendig næringsdrivande. Styreleiar i Egill Danielsen Stiftelse og åtte Danielsen-skular Master of Management frå Handelshøgskolen BI.

Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og andre nestleiar i Stortingets finanskomite, ordførar i Fitjar kommune, leiarstillingar i Sunnhordland Kraftlag AS og styreleiar i Indremisjonsforbundet.




Paul Birger Torgnes

Adm.dir. i Fjord Marin Holding AS og varaordførar. Nestleiar i styret i NCE Aquaculture og Universitetet i Nordland.

Økonomiutdanning frå Universitetet i Nordland og Norges fiskerihøgskole.

Tidlegare erfaring m.a. som konsernsjef i Fjord Seafood ASA og NorAqua, styreleiar i Torghatten, generalsekretær i Norske Fiskeoppdretteres Forening og politisk rådgivar for fiskeriministeren.




Randi Øverland

Seniorrådgivar ved Universitetet i Agder. Styreleiar i Sørlandets kunstmuseum.

Adjunkt frå Telemark lærerhøgskole og tilleggsutdanning frå Universitetet i Oslo og Universitetet i Agder.

Tidlegare erfaring m.a. som rektor ved Tangen vidaregåande skule, statssekretær i Kultur- og kyrkjedepartementet, statssekretær i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og formannskapsmedlem.

DIREKTØR I TILSYNSSEKRETARIATET



Svenn Erik Forsstrøm

Direktør i representantskapets tilsynssekretariat.
Siviløkonom frå Noregs Handelshøgskole, statsautorisert revisor.
Tidlegare erfaring som sentralbankrevisor i Noregs Bank og partner
i revisjonsselskapet Coopers & Lybrand (no PwC).



Representantskapet i Noregs Bank
Rapport for 2014

Utgitt av:

Representantskapet i Noregs Bank
Bankplassen 2
Postboks 1179 Sentrum
0107 Oslo
Telefon 22 31 60 00
norges-bank.no/Representantskapet/

Publisert:

25. mars 2015

Nynorsk omsetjing:

Språkverkstaden

Layout og trykk:

07 Media AS

Foto:

Kristian Rudsta Andersen (s. 8)
Nils Stian Aasheim (s. 20 og 42)
Biletet på s. 38 er frå Crown Estate
Monica Kvaale (s. 48)
Sturlason (s. 54–57)

ISBN 978-82-7553-852-7 (trykt)

ISBN 978-82-7553-853-1 (online)

